

# Årsmelding 2019

polyfon
kunnskapsklynge for musikkterapi








Ansvarleg for rapporten: Brynjulf Stige
Ansvarleg for indikatordata og vedlegg 1 og 2: Liv Gunnhild Qvale
Ansvarleg for vedlegg 3a-3d: POLYFONs arbeidsgrupper
Ansvarleg for vedlegg 4: POLYFONs erfaringspanel

Årsmeldinga er revidert 11. juni 2020, ved at 2019-opplysningane frå Norsk pasientregister (NPR) er skrivne inn.

Fråskriving: Årsmeldinga har nytta opplysningar frå Norsk pasientregister (NPR). Forfattarane av årsmeldinga er eineansvarlege for tolking og presentasjon av dei utleverte opplysingane. Registerforvaltar for NPR har ikkje ansvar for analysar eller tolkingar baserte på dei utleverte opplysningane.

Foto på framsida

- Oppe til venstre: Brynjulf Stige
- I midten (øvst) til høgre: Rolf Sejersted
- I midten (nedst) til venstre: Viggo Krüger
- Nede til høgre: Brynjulf Stige

# Forord

2019 var POLYFONs femte prosjektår, og det er oppmuntrande å registrere at det er energi og driv i samarbeidet mellom dei ulike klyngedeltakarane. Noko av det vi har fokusert spesielt på dette året er styrking av brukarmedverknad, behovsidentifisert forsking og eksternfinansierte doktorgradsprosjekt.

Praksisfeltet er inne i ei spennande utvikling, både når det gjeld barn og unges oppvekst, rus, psykisk helse, eldrehelse og palliasjon. Det byrjar også å vekse fram ei interesse for musikkterapi innan nye område, som fysikalsk medisin og rehabilitering.

POLYFON-konferansen vart arrangert for tredje gong i 2019, denne gongen med vekt på temaet *brukar-medverknad.* Det vart ein dag til ettertanke og inspirasjon.

Årsmeldinga gjev eit oversyn over aktiviteten i klynga, med informasjon om viktige hendingar og prosessar. For første gong kan vi også presentere indikatordata, som grunnlag for vurdering av samfunnseffekten av klyngesamarbeidet. Første året ein brukar indikatorar, er sjølvsagt samanlikningsgrunnlaget avgrensa, men tilgjengeleg informasjon gjer at vi konkluderer med at det er svært sannsynleg at klyngesamarbeidet bidreg til at fleire brukarar får tilgang til kvalitetssikra og kunnskapsbaserte musikkterapitenester, sjå kapittel 4.

At det er første gongen klynga presenterer indikatordata, inneber at vi har gjort viktige erfaringar med korleis dei nye indikatorane fungerer. I somme tilfelle vil det vere tenleg å justere val av indikator og/eller innsamlingsmetodikk.

Mykje tyder altså på at klyngesamarbeidet fungerer bra. Utviklinga av musikkterapitenester går klart raskare i region Vestland enn i nokon annan del av landet.

Samtidig: Bra kan verte endå betre, og det er mykje å gå på, t.d. når det gjeld systematikk i oppbygging av tenester og vidare styrking av kvalitetssikring og forsking. Utvikling av aktuelle etter- og vidareutdanningstilbod kan også trenge eit løft. Vi ser framover og gler oss til vidare samarbeid!

God lesing!

Helsing





Brynjulf Stige
Leiar POLYFON

Geir Lien
Leiar styringsgruppa i POLYFON

# Innhald

Forord 3

Innhald 4

1 Generelt om POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi 6

2 Samandrag 7

3 Kort om POLYFON-året 2019 8

Første kvartal: «Kva tiltak vil statsråden ta i bruk …?» 8

Andre kvartal: Pris til POLYFON og GAMUT 12

Tredje kvartal: Nytt nasjonalt samvalsverktøy 14

Fjerde kvartal: Ein inspirasjon (og ein til) 16

4 Tenesteutvikling 21

Aktivitet 21

Indikatordata og vurderingar: klyngas *Hovudmål* 23

Indikatordata og vurderingar: klyngas *Delmål 1* 27

5 Forsking og innovasjon 30

Aktivitet 30

Indikatordata og vurderingar: klyngas *Delmål 2* 32

6 Utdanning 34

Aktivitet 34

Indikatordata og vurderingar: klyngas *Delmål 3a* 35

Indikatordata og vurderingar: klyngas *Delmål 3b* 35

7 Formidling 36

Aktivitet 36

Indikatordata og vurderingar: klyngas *Delmål 4* 39

8 Samhandling 40

Arenaer for samhandling 40

Kombinerte stillingar som reiskap for samhandling 40

Andre reiskap for samhandling 40

9 Retning for vidare arbeid 41

Vedlegg 1: Rekneskapsrapport for POLYFON pr. 31.12.19 42

Vedlegg 2: POLYFON-relaterte publikasjonar i 2019 43

Vedlegg 3: Årsrapportar frå arbeidsgruppene i POLYFON 45

Vedlegg 3a: Rapport 2019 for POLYFONs arbeidsgruppe Barn og unges oppvekst 45

Vedlegg 3b: Rapport 2019 for POLYFONs arbeidsgruppe Psykisk helse vaksne 48

Vedlegg 3c: Rapport 2019 for POLYFONs arbeidsgruppe Rustenester vaksne 51

Vedlegg 3d: Rapport 2019 for POLYFONs arbeidsgruppe Eldrehelse 53

Vedlegg 4: Årsrapport 2019 frå POLYFONs erfaringspanel 56

# 1 Generelt om POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi

POLYFON kunnskapsklynge for musikkterapi vart etablert 1. januar 2015. Dei tre første åra fekk klynga økonomisk støtte frå GC Rieber Fondene, med gåveforsterking frå NFR. I dag er klynga sjølvfinansiert.

Hovudmål for klyngesamarbeidet: Musikkterapi til alle som ønskjer og treng det.

Delmål:
1. Musikkterapi er integrert i tenestene på ein systematisk, kunnskapsbasert og brukarorientert måte.
2. Forskinga er praksisnær og behovsidentifisert og held internasjonal standard.
3a. Utdanning i musikkterapi er relevant, av høg kvalitet og av tilstrekkeleg omfang.
3b. Emne og/eller kurs om musikkterapi er integrerte i andre aktuelle profesjonsutdanningar, som t.d. sjukepleie-, psykolog-, lege- og lærarutdanningane.
4. Tenester og samfunn har kunnskap om og god kjennskap til musikkterapi som helseressurs.

Klyngedeltakarar ved utgangen av 2019 er:

- Bergen kommune
- Bergensklinikken (fram til 1. desember, då Helse Bergen tar over pasientar og tilsette)
- Betanien/Solli/Voss DPS
- Fjell kommune
- Griegakademiet – Institutt for musikk, UiB
- Haraldsplass Diakonale Sykehus
- Haukeland universitetssjukehus/Helse Bergen
- Helseavdelinga i NORCE Norwegian Research Centre
- Høgskulen på Vestlandet
- NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus
- Partssamarbeid Sogn og Fjordane (Sogn og Fjordane fylkeskommune, Helse Førde, Fakultet for helse- og sosialfag i HVL og Utviklingssenteret for sjukeheimar og heimetenester i Sogn og Fjordane)
- RKBU Vest – Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (NORCE)
- Stendi AS (tidlegare Aleris Omsorg AS)

Det musikkterapeutiske praksisfeltet er vidt, frå arbeid med premature spedbarn til eldre menneske. Feltet omfattar også meir enn behandling i klinisk forstand, som arbeid med læring, utvikling, oppfølging, omsorg, førebygging og folkehelse. POLYFON har så langt hatt fokus på fem delområde: 1) Barn og unges oppvekst, 2) Psykisk helse, 3) Rustenester, 4) Eldrehelse og 5) Palliativ behandling og omsorg.

Det er etablert eit erfaringspanel og dessutan arbeidsgrupper for dei ulike delområda.

POLYFONs fagråd (Scientific Advisory Committee) har ein tverrfagleg profil:

- Tia DeNora: Professor in Music Sociology, University of Exeter, Storbritannia
- Lars Lien: Leiar for Nasjonal kompetanseteneste for samtidig rusmisbruk og psykisk liding (ROP)
- Katrina McFerran: Professor of Music Therapy, University of Melbourne, Australia
- Peter Tyrer: Professor of Community Psychiatry, Imperial College, London.

Alle deltakarar/partssamarbeid er representerte i styringsgruppa. I løpet av 2019 vart styringsgruppa også utvida med to representantar frå POLYFONs erfaringspanel. Leiinga av klyngesamarbeidet er:

- Prosjektleiar: Brynjulf Stige, UiB, tlf. 971 69 746
- Administrativ koordinator: Liv Gunnhild Qvale, UiB, tlf.404 72 281
- Leiar i styringsgruppa: Geir Lien, Haukeland universitetssjukehus
- Nestleiar i styringsgruppa: Ingvild Eide Graff, NORCE

Klynga er forankra ved Griegakademiet, og GAMUT (UiB/NORCE) koordinerer samarbeidet. For meir informasjon om klynga, sjå: POLYFON-nytt, Facebook og nettsida gamut.w.uib.no/polyfon/

# 2 Samandrag

Kunnskapsklyngas målsetjingar reflekterer ein situasjon der musikkterapi er etterspurd av mange brukarar og tilrådd i fleire nasjonale faglege retningslinjer, samstundes som implementering i tenestene framleis ikkje er systematisk. I 2019 tok klynga for første gong indikatorar i bruk for å ha eit grunnlag for å vurdere og diskutere samfunnseffekten av klyngesamarbeidet.

Kapittel 3 gjev eit oversyn over aktiviteten gjennom året, og viser m.a. at der er mange lokale initiativ, i samspel med nasjonale føringar. Musikkterapeutar og andre fagpersonar i kunnskapsklynga er aktive i å initiere seminar, prosjekt, konsertar, festivalar og faglege nettverk, noko som bidreg sterkt til at kunnskapsklynga vert vital og dynamisk. Like tydeleg er det at mange leiarar i kunnskapsklynga arbeider systematisk med innovasjon i offentleg sektor, initierer nødvendig utgreiingar og planarbeid og støtter nye tilbod og tenester som er under utvikling. I denne prosessen har POLYFONs erfaringspanel ei tydeleg stemme, og panelet har i 2019 kome med fleire innspel som har fått konsekvensar for kunnskapsklyngas arbeid.

Kapittel 4 presenterer klyngas arbeid med tenesteutvikling, der vi i analysen av samfunnseffekten både kan støtte oss til tal frå Norsk pasientregister 2016-2019 og frå eit oversyn over tal musikkterapistillingar hjå klyngedeltakarane i perioden 2006-2019. Begge tala indikerer at klyngesamarbeidet har ein klar effekt når det gjeld utvikling av kvalitetssikra og kunnskapsbaserte musikkterapitenester. Etter at POLYFON vart etablert i 2015, har det vore ein raskare vekst i musikkterapitenester i region Vestland enn tidlegare *og* enn i noko annan region i same periode. Vi ser konturane av eit fint samspel mellom nasjonale føringar og lokale entreprenørar (fagfolk og leiarar i tenestene), støtta av samspelet og kompetansen som klyngesamarbeidet gjev tilgang til. Eit viktig spørsmål vidare vert om og korleis klynga i sterkare grad kunne ha bidratt til utvikling av brukarorienterte og kunnskapsbaserte musikkterapitenester også i andre regionar.

Kapittel 5 gjev eit oversyn over forsking og prosjektutvikling i klynga, der vi både ser utvikling av lokale, praksisnære prosjekt og av større internasjonale prosjekt. Hovudtyngda av aktiviteten på dette feltet er naturleg nok knytt til GAMUT (UiB/NORCE), men Bergen kommune og Stendi er involverte i publisering i 2019 og Haukeland universitetssjukehus og NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus er involverte i utvikling av søknader om ekstern finansiering, så klynga er på veg mot at forskingsaktivitet er distribuert i større delar av klynga. Det er viktig for det langsiktige målet om å utvikle brukarinvolvert og praksisnær forsking av relevans for tenester og samfunn.

Kapittel 6 presenterer aktivitet og indikatorar innan utdanning, der vi ser at POLYFON bidreg til eit samspel mellom praksisfeltet og UiBs profesjonsutdanning i musikkterapi, m.a. ved at studentane får delta i prosjektutvikling, t.d. gjennom POLYFONs sommarstipend. Praksisrelaterte initiativ er på gang også innan etter- og vidareutdanning, og denne type aktivitet kan truleg styrkast i åra framover.

Kapittel 7 gjev eit oversyn over POLYFONs arbeid med informasjon og kommunikasjon. I forhold til storleiken på faget, er musikkterapi synleg i nasjonale medium, og veksten i aktivitet på sosiale medium er også kraftig. På dette området vert det viktig å vurdere korleis fagfeltet og kunnskapsklynga best kan bruke stemma si i den offentlege samtalen.

Kapittel 8 skisserer mekanismane for samhandling i kunnskapsklynga og kapittel 9 indikerer nokre mogeleg vegval vidare, då som ei liste over punkt som kunnskapsklyngas styringsgruppe, arbeidsgrupper og erfaringspanel kan velje å vurdere og eventuelt ta tak i.

# 3 Kort om POLYFON-året 2019

## Første kvartal: «Kva tiltak vil statsråden ta i bruk …?»

### Januar

1. januar tok Bergen kommune over ansvaret for musikkoppfølgingstilbodet MOT82 i Åsane, eit tilbod som opphavleg vart utvikla av musikkterapeutane ved Bjørgvin DPS, med støtte frå Helse Vest og ExtraStiftelsen. Musikkterapistudentar frå Griegakademiet har også vore viktige i utviklinga av tilbodet.

17. og 18. januar arrangerte Langhaugen videregående skole i Bergen yrkesrettleiingsdagar, der musikkterapimiljøet ved Griegakademiet var representert med workshop og førelesing, med førsteamanuensis Viggo Krüger og studentane Ole Kristian Einarsen og Benjamin Thuen.

21. januar arrangerte UiB «Open dag» ved dei ulike fakulteta, der potensielle søkjarar fekk møte førelesarar og studentar og verte betre kjende med utdanningstilboda. Ved Fakultet for kunst, musikk og design (KMD), var musikkterapi eitt av studieprogramma som det var mogeleg å «snuse på». Musikkterapistudentar deltok aktivt, m.a. som assistentar på ein workshop der potensielle søkjarar fekk tips om korleis førebu seg til dei ulike delane av opptaksprøva. Brynjulf Stige og Geir Olve Skeie hadde kvart sitt føredrag.



*Under «Open dag» ved KMD 21. januar deltok m.a. studentane Eirik Sæle, Johannes Melhus Medlien og Erlend Johan Myrhaug i gjennomføringa av ein workshop der potensielle søkjarar fekk prøve improvisasjons- og samspelsøvingar og lære om korleis førebu seg til dei ulike delane av opptaksprøva til musikkterapistudiet. Foto: Brynjulf Stige.*

22. januar var det møte med kunnskapsklyngas fagråd (Scientific Advisory Committee). Tema for dagen var a) brukarinvolvering i forsking, og b) forholdet mellom praksis, kvalitetssikring og forsking. Tia DeNora, Lars Lien, Katrina McFerran og Peter Tyrer gav fleire innspel som kunnskapsklynga kan arbeide vidare med, både når det gjeld organisering, finansiering, fokusering og problematisering av dei aktuelle praksisane.

23. januar vart boka «Musikk og hjernen», av Are Brean og Geir Olve Skeie, lansert. Lanseringa vart møtt med stor interesse og i ein kommentar seier Skeie at det er eit stort behov for å omsetje den kunnskapen vi har til praksis: «Musikkterapi burde vere ein viktig del av oppfølginga av den nasjonale hjernehelsestrategien».

28. januar arrangerte GAMUT og Griegakademiet eit seminar om korleis skaffe ekstern finansiering av doktorgradsprosjekt. Fleire av dei som heldt innlegg er på ulike vis knytt til POLYFON-samarbeidet: Lars Bergesen (Bergen kommune), Tora Söderström Gaden (GAMUT, NORCE), Claire Ghetti (GAMUT, UiB), Ida Kristine Sangnes (Haraldsplass Diakonale Sykehus), Hans Petter Solli (Norges musikkhøgskole) og Brynjulf Stige (GAMUT, UiB).



*Ida Kristine Sangnes frå Haraldsplass Diakonale Sykehus var ein av førelesarane på seminaret 28. januar om korleis skaffe ekstern finansiering av doktorgradsprosjekt. Foto: Brynjulf Stige.*

31. januar var det møte i Oslo i firepartssamarbeidet i norsk musikkterapi. Møtet fokuserte m.a. på kompetansehevande tiltak for musikkterapeutar, for å fremme god implementering av nasjonale faglege retningslinjer. Møtet vedtok at spørsmålet om spesialistutdanning for musikkterapeutar skulle utgreiast. Ei utgreiingsgruppe vart nedsett, med Hans Petter Solli og Gro Trondalen frå Norges musikkhøgskole og Wolfgang Schmid og Brynjulf Stige frå Universitetet i Bergen.

## Februar

5. februar arrangerte Afasiforeningen for Bergen og omegn ein temakveld om musikkterapi, med innlegg av POLYFONs leiar Brynjulf Stige og musikkterapeut Anette Moltubak frå Molde kommune.

8. februar forsvarte Kjetil Vikene avhandlinga "Complexity in Rhythm and Parkinson's disease: Cognitive and Neuronal Correlates". Rettleiarar ved UiB har vore Karsten Specht og Geir Olve Skeie. Vikenes funn er m.a. at menneske med Parkinsons sjukdom oppfattar ulike rytmemønster som meir komplekse enn det andre gjer, men at det er mindre skilnader når det gjeld smak. Ein av dei praksisimplikasjonane han sjølv trekkjer, er at det ikkje er gitt at musikk etter pasientens eigen smak gjev optimal kompleksitet i eit rehabiliteringsperspektiv. Avhandlinga kjem frå eit sterkt forskingsmiljø ved UiB, som utviklar kunnskap av relevans for og i dialog med musikkterapien. Her er det grunnlag for spennande samarbeid i åra framover.

14. februar arrangerte Bergen kommune seminaret «Hver dag hele livet», med fokus på sang og musikk i eldreomsorgen. Det var 150 deltakarar på seminaret, frå kommunale og private sjukeheimar.

27. februar vart det gjennomført eit samordningsmøte i Førde, mellom dei fire POLYFON-samarbeidspartane Sogn og Fjordane fylkeskommune, Helse Førde, Høgskulen på Vestlandet og Førde kommune. Det vart interessante drøftingar om musikkterapiens plass innan m.a. helsetenester og utdanning. Diskusjonen synleggjorde den lange tradisjonen for musikkterapi i Sogn og Fjordane og det vert spanande å følgje utviklinga i fjordfylket, på veg inn i den nye Vestland fylkeskommune. På møtet vart Ingebjørg Erikstad (fylkesdirektør for kultur) vald til samarbeidsgruppas representant i POLYFONs styringsgruppe, medan Børge Tvedt (direktør for psykisk helsevern i Helse Førde) vart vald som vararepresentant.



*Aktørane på møtet i Førde 27. februar var alle overtydde om at vidare utvikling av musikkterapien i fylket føreset god samordning mellom dei ulike aktørane. F.v. Jorunn Bakke Nydal og Ingebjørg Erikstad (begge Sogn og Fjordane fylkeskommune), Børge Tvedt (Helse Førde) og Kurt Even Andersen (Førde kommune). Foto: Brynjulf Stige.*

## Mars

Tidleg i mars kom ei ny amerikansk lærebok i musikkterapi ut: *Music Therapy: An Introduction to the Profession*. To GAMUT-forskarar, Brynjulf Stige og Xueli Tan, er forfattarar av kvart sitt kapittel, høvesvis “Community Music Therapy” (saman med Katrina McFerran, Australia) og “Music Therapy with Active and Separated Military Personnel” (saman med Alicia Ann Clair og Barbara Else, USA).

7. mars arrangerte Flora kommune og Sogn og Fjordane utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester ein konferanse om eldrereforma «Leve heile livet». Målgruppa var tilsette i kommunane og dessutan frivillige, eldreråd, pensjonistlag og pårørande. Det var fleire innlegg om musikkterapi på konferansen, av Kathrine Dahle (Bergen kommune), Guri Gjermstad Dypvik (Fjell kommune), Brynjulf Stige (UiB) og Sandra Torgersen (Fjell kommune). Jorunn Bakke Nydal (Flora kommune) var ein av konferansierane.



*Fire av dei aktive musikk-terapeutane under konferansen i Florø 7. mars. F.v. Sandra Torgersen og Guri Gjermstad Dypvik (Fjell kommune), Jorunn Bakke Nydal (Flora kommune) og Kathrine Dahle (Bergen kommune). Foto: Brynjulf Stige.*

12. mars var det interpellasjon frå Stortingsrepresentanten Kjersti Toppe til helseministeren: «Kva tiltak vil statsråden ta i bruk for å sikre likeverd i musikkterapitilbod nasjonalt, der den musikkterapeutiske kompetansen blir ein integrert del av tenestene i større grad enn i dag»? Debatten som følgde viste at Toppe og Høie var einige om målet: Musikkterapi er godt dokumentert og eit tilrådd behandlingstilbod som det er viktig at brukarane får tilgang til. Men vegen vidare var dei ikkje samde om. Toppe meinte det er for lite politisk vilje til å realisere ein slik intensjon, og at det må ei nasjonal satsing til for å få likeverdige tilbod i heile landet. Høie meinte at dei pakkeforløpa som no er introduserte innan rus og psykisk helse vil bidra til at musikkterapi vert kjend og tatt i bruk i tenestene. To andre representantar tok også ordet, og gav støtte til Toppes interpellasjon, nemleg Karin Andersen (SV) og Geir Sigbjørn Toskedal (KrF).



*Stortingsrepresentant Kjersti Toppe (SP), her under opninga av POLYFON-konferansen 2018, stod bak ein interpellasjon til helseministeren den 12. mars 2019. Foto: Brynjulf Stige.*

I andre halvdel av mars vart det klart at Frode Aass Kristiansen (Oslo) er tilsett som UiB-finansiert doktorgradsstipendiat. Prosjektet er: «En kvalitativ utforskning av musikkterapiens muligheter og begrensninger i møte med agitasjon hos personer med demens». Hovudrettleiar vert Brynjulf Stige, medan Anna Helle-Valle, psykolog i Bergen kommune, vert medrettleiar.



*Frode Aass Kristiansen er ny UiB-finansiert doktorgradsstipendiat ved Griegakademiet, og vil gjennomføre eit praksisrelevant prosjekt i tett samarbeid med eldreomsorga i Bergen kommune. Foto: Privat.*

I midten av mars vart den vitskaplege komiteens evaluering av vårens forskingssøknader til POLYFON klar. To nye praksisnære prosjekt fekk såkornmidlar. På same tid var årets søknader til POLYFONs sommarstipend for musikkterapistudentar ferdig evaluerte. 4 sommarstipend fordelte på 5 studentar vart delt ut, sjå kapittel 5.

# Andre kvartal: Pris til POLYFON og GAMUT

## April

I april vart Annette Brenner tilsett som forskar II/clinical trials manager i NORCE. Ho vil ha arbeidsoppgåver knytt til dei store internasjonale RCTane som forskingssenteret GAMUT har ansvar for. Desse studiane – som t.d. LongSTEP som undersøkjer effekten av musikkterapi for premature spedbarn og familiane deira – vil også ha betydning for musikkterapeutisk praksisutvikling i norsk kontekst.

I byrjinga av april vart protokollen for 'MIDDEL' – ein stor, internasjonal RCT som skal samanlikne effekten av gruppemusikkterapi versus allsong/songstund for pasientar med demens og depresjon – publisert i BMJ Open. Førsteforfattar er Christian Gold, og tre andre GAMUT-forskarar er involverte: Jörg Assmus, Monika Geretsegger og Brynjulf Stige.

Tidleg i april vart det kjend at regjeringas nye folkehelsemelding omtalar musikkterapi i ein eigen boks (5.10), under eit avsnitt om førebygging og meistring av demens. Her heiter det m.a.: «Dersom ein person med demens har mist evna til å snakke og forstå, kan musikk vere ei alternativ form for kommunikasjon. Musikkterapi inneheld element som song, lytting, improvisasjon, rørsle, dans og bruk av instrument under leiing av ein musikkterapeut».



*I folkehelsemeldinga som regjeringa la fram våren 2019, vert musikkterapiens potensial i arbeid med eldre menneske med demens og språkvanskar framheva. Illustrasjonsbildet er frå Asker kommune si satsing på musikkterapi i eldreomsorga. I arbeidet med planar for dette, har kommunen henta inspirasjon m.a. frå POLYFON-samarbeidet. Foto: Hilde Kirkerud, Asker kommune.*

9. april møtte 100 personar fram til Musikkterapifestivalen 2019 sin avslutningskonsert i gymsalen på Bjørgvin DPS. Festivalen, som tar utgangspunkt i tretrinnsmodellen (terapi – oppfølging – eigenaktivitet), engasjerte brukarar, studentar, musikkterapeutar og ulike støttespelarar.

## Mai

I mai fullførte Reidar Dale arbeidet med ei evaluering av musikkterapitilbodet ved Bergensklinikken. Klinikken har vore ein pionerinstitusjon når det gjeld bruk av musikkterapi i tverrfagleg spesialisert rusbehandling, og evaluerte musikkterapitilbodet allereie i 2014, med svært positive tilbakemeldingar. Også den nye rapporten viste at brukarane er særs nøgde med musikkterapitilbodet. Klinikkens daglege leiar, Dr. Eystein J. Hauge, skriv i forordet: «For oss som har en bakgrunn fra helt andre deler av spesialisthelsetjenesten, gjør tilbakemeldingene fra våre pasienter og brukere oss ydmyke for den betydningen terapiformen har for dem. Musikkterapi er kommet for å bli og for å videreutvikles.»

Tidleg i mai lyste Bergen kommune ut ei ny musikkterapistilling knytt til Etat for barn og familie.

9. mai vart seminaret «Kan musikk være en brobygger og motvirke radikalisering og utenforskap?» arrangert ved Hyssingen produksjonsskole i Bergen. Seminaret markerte den norske avrundinga av Erasmus+-

prosjektet STALWARTS, som GAMUT ved Viggo Krüger og Brynjulf Stige har vore partnar i. Seminaret vart arrangert i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet (HVL), og Hordaland fylkeskommune.

10. mai arrangerte musikkterapeutane Sunniva Ulstein Kayser (NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus) og Merethe Wolf Lindvall (Haukeland universitetssjukehus) eit seminar om SoundBeam-teknologiens potensial i musikkterapeutisk praksis, m.a. med støtte frå POLYFON.

13. mai arrangerte POLYFON eit innspelsmøte om musikkterapi og erfaringskompetanse. Bakgrunnen var eit forslag frå POLYFONs erfaringspanel om å utvikle eit innføringskurs om musikkterapi for personar med erfaringskompetanse. Eitt av spørsmåla som vart diskuterte på innspelsmøtet var korleis profesjons-kompetanse og erfaringskompetanse best kan utfylle kvarandre.

I andre halvdel av mai vart Bergen kommunes nye *Handlingsplan for arbeid og aktivitet for rusavhengige 2019-2022* handsama i bystyret. I planen står det m.a.: «Musikk representerer en aktivitet der brukeren kan utvikle seg fra å være mottaker til å bli utøver. Kommunen vil integrere og videreutvikle musikkterapi som del av kommunale aktivitetstilbud». Planen presiserer at byrådsavdelinga skal samarbeide med aktuelle forskingsmiljø, og kommunen si deltaking i kunnskapsklynga POLYFON er tatt med som døme på dette.

I slutten av mai gjev Oxford University Press ut *Handbook of Music, Adolescents, and Wellbeing*, med Katrina McFerran, Philippa Derrington og Suvi Saarikallio som redaktørar. Eitt av bidraga er av GAMUT-forskaren Viggo Krüger, som har skrive om musikk som strukturerande ressurs

## Juni

Bergen musikkterapisenter ved Kulturskolen i Bergen var 20 år i 2019 og markerte det m.a. med ei festførestilling i kultursalen på Ny Krohnborg skole 12. juni.

18. juni la Østenstad-utvalet fram eit lovforslag om bruk av tvang i tenestene. Utvalet føreslår m.a. «For at en virksomhet i psykisk helsevern skal kunne godkjennes for å ha ansvar for tvangsmedisinering, må det være et vilkår at det foreligger tilstrekkelig kompetanse i ikke-medikamentelle behandlingsformer … Utvalget vil spesielt framheve som sentrale komponenter, meningsfulle aktivitetstilbud, mulighet for fysisk trening og naturopplevelser, samtaleterapi, traumeinformerte tilnærminger, musikkterapi og anledning for personen til å skjerme seg fra for mange sanseinntrykk og sosiale forpliktelser» (s. 573).

18. juni vart det også klart at POLYFON og GAMUT fekk Kunnskapskommunens forskings- og innovasjonspris 2019. Prisen viser at det er bygd opp eit samarbeid som kommunar og kunnskapsinstitusjonar i regionen meiner gjer ein forskjell. Det inspirerer til vidare arbeid for ny kunnskap og betre tenester! I takketalen gav Brynjulf Stige takk til UiB og NORCE for samarbeidet om å utvikle GAMUT, takk til GC Rieber Fondene for støtte, og takk til erfaringspanelet og alle konsortiedeltakarane i POLYFON for stort engasjement.




*Byråd Beate Husa delte ut prisen til POLYFON og GAMUT. Foto: Skjermbilde frå Bergen kommunes nettsider.*

Mot slutten av juni var det ein flott europeisk musikkterapikonferanse i Aalborg, der Bergens-miljøet var godt representert i det rikhaldige faglege programmet. Vi kan t.d. nemne Monika Geretsegger sin keynote «From stigmatisation to involvement», og kan også nemne at Bjarte Johansen, leiaren for POLYFONs erfaringspanel, var ein aktiv deltakar på konferansen, m.a. med eit føredrag saman med musikkterapiforskar Lars Tuastad.



*Tre av deltakarane frå POLYFON-samarbeidet som deltok under den europeiske musikkterapikonferansen i Aalborg i juni. F.v. Lars Tuastad (UiB/Bjørgvin DPS), Bjarte Johansen (MOT82/POLYFONs erfaringspanel) og Øystein Lydvo (Bjørgvin DPS). Foto: Privat.*

I juni vart det elles klart at Rune Rolvsjord går vidare til oppgåva som web-redaktør i det nye nasjonale forskingsinstituttet NORCE. Rolvsjord har hatt viktige kommunikasjonsoppgåver i musikkterapimiljøet, også for kunnskapsklynga POLYFON. Vi takkar for lang og god innsats og ønskjer lukke til med dei nye oppgåvene!

## Tredje kvartal: Nytt nasjonalt samvalsverktøy

### Juli

Juli er ein relativt stille musikkterapimånad i Noreg, også i 2019, men litt aktivitet var det då:

- Dei fem studentane som i 2019 fekk POLYFONs sommarstipend, gjekk i gong med prosjekta sine
- Samordna opptak offentleggjer søkjartala for høgare utdanning, og desse viser at det var god søknad til musikkterapistudiet i Bergen i 2019
- Pedagogisk psykologisk senter (PPS) i Sentrum, Bergen kommune, lyste ut ei ledig 100 % fast musikkterapeutstilling
- Kulturskolen i Bergen lyste ut ei ledig musikkterapeutstilling
- Flora kommune lyste ut to nye musikkterapeutstillingar
- UiB lyste ut eit vikariat ved musikkterapistudiet
- GAMUT-tidsskriftet Voices kom ut med eit nytt nummer.

### August

Musikkterapi var i 2019 betre representert under Arendalsveka enn det som har vore tilfelle tidlegare. Reidar Dale, Steinar Hjelmbrekke og Halvor Berg hadde eit presentasjon i regi av Bergensklinikken, og det same hadde Hans Petter Solli, Morten Brodahl og Torhild Kielland i regi av Fagrådet – rusfeltets hovedorganisasjon.

Tidleg i august vart eitt av POLYFONs sommarstipendprosjekt presentert på ein konferanse i Singapore, då førsteamanuensis Xueli Tan kunne presentere resultata av studenten Mathias Nilssen sitt prosjekt «Music in Healthcare: Evidence from Cochrane Database of Systematic Reviews».

I august kunne Sunniva Ulstein Kayser – musikkterapeut ved NKS Olaviken Alderspsykiatriske sykehus – byrje arbeidet med ph.d.-prosjektet «DysfaSing», med fokus på musikkterapi som behandlingsintervensjon for

dysfagi (svelgvanskar) i tidleg fase av Huntingtons sjukdom. Prosjektet er førebels finansiert av NKS Olaviken, fram til ekstern finansiering ligg føre. Wolfgang Schmid ved Griegakademiet er hovudrettleiar, og fleire dyktige fagfolk både frå NKS Olaviken, Helse Bergen og UiB er knytt til prosjektet.



*Tre av aktørane i NKS Olavikens nye doktorgradsprosjekt i musikkterapi. F.v. ergoterapeut Linda Røyseth Lohne, den amerikanske stemme-coachen Robert Lunte i Bergen og musikkterapeut Sunniva Ulstein Kayser. Foto: Sunniva Ulstein Kayser.*

I midten av august publiserte Randi Rolvsjord ved Griegakademiet artikkelen "Music Therapy in a Recovery-Oriented Unit: A Qualitative Study of Users' and Staff's Experiences with Music Therapy in Mental Health Care." Studien har fått støtte frå POLYFON og viser at musikkterapi kan fremme tilfrisking (recovery), støtte eksisterande behandlingstilbod (t.d. ved å styrke motivasjon) og utfylle etablert praksis (t.d. ved å tilby ein kreativ og «annleis» måte å samhandle på).

I andre halvdel av august vart det nye samvalsverktøyet for psykose publisert på www.helsenorge.no. Verktøyet gjev lett forståeleg informasjon om aktuelle behandlingsalternativ, basert på retningslinjer og forsking, og skal bidra til at brukarmedverknad og deltaking i val om eiga behandling skal verte mogeleg å realisere for denne gruppa. Prosjektleiinga for POLYFON har vore involvert i utarbeiding av teksten om musikkterapi, og informasjonsvideoane om musikkterapi er tatt opp ved Bjørgvin DPS, med psykiater Synnøve Iden og musikkterapeut Øystein Lydvo.

I slutten av august kunne Kaja Elise Enge ta til i den første musikkterapistillinga i Etat for barn og familie i Bergen kommune. Stillinga spring ut av kommunens planarbeid på området, der det t.d. er føreslått å etablere eit barne- og familiehus i fire byområde, med vekt på brukarmedverknad og tverrfagleg samarbeid. Her er det då også opna for integrasjon av musikkterapeutprofesjonen. Musikkterapeuten som er tilsett får i oppgåve å utvikle planar for arbeid både på system-, familie- og individnivå. Det er forventningar om å arbeide kunnskapsbasert, m.a. gjennom samarbeid med GAMUT og POLYFON.



*Bergen kommunes Etat for barn og familie tilsette i 2019 sin første musikkterapeut og har sett i gang ei utgreiing av korleis etatens framtidige musikkterapi-tilbod skal sjå ut. F.v. leiar for Avdeling for kunnskaps-utvikling Nina Bolstad og musikkterapeut Kaja Elise Enge. Foto: Brynjulf Stige.*

29. og 30. august fekk POLYFON vitjing frå Japan, der forskaren Masao Sugita og musikkterapeuten Takako Itoh fekk møte fagmiljøet ved GAMUT og fleire ulike musikkterapeutar i praksis. Med base i Nagoya, utviklar Takako Itoh samfunnsmusikkterapeutisk praksis med barn, og ein ønskjer å prøve å utvikle samarbeidsrelasjonar etter mønster frå POLYFON i bydelen Kita-Nagoya.

### September

I byrjinga av september la Folkehelseinstituttet ut ei oppsummering av Cochrane-oversikten om musikkterapi og demens. Instituttet konkluderer med at «personer med demens får det bedre med musikkterapi».

Tidleg i september lyste ReHabiliteringsklinikken ved Haukeland universitetssjukehus ut ei 100 % stilling som klinikar, ved Avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering. Musikkterapeut med mastergrad i musikkterapi var blant dei kompetansane som klinikken søkte etter.

I midten av september vart det klart at Sogn og Fjordane fylkeskommune vidarefører arbeidet sitt med musikkterapi på systemnivå. I 1987 etablerte fylkeskommunen eit fylkessenter for musikkterapi, og sidan 1990-talet er dette utvikla vidare til ei brei satsing på kultur og helse. Ei stilling knytt til feltet vart lyst ut våren 2019, og Simen L. Krogstie vart tilsett i stillinga. Simen er utdanna ved Griegakademiet og har tidlegare arbeidd m.a. ved NKS Olaviken alderspsykiatriske sjukehus og ved Tyrili Kampen i Oslo.

22. september la nettstaden www.utdanning.no ut eit nytt yrkesintervju, denne gongen med musikkterapeut Nathan Robert Smith. Han har utdanninga si frå Griegakademiet og arbeider i dag ved SMISO Hordaland og Betanien DPS, Bergen.

I slutten av september vart det gjort vedtak om å utvide POLYFONs styringsgruppe, slik at det vert rom for å ha med to brukarrepresentantar. Det var POLYFONs erfaringspanel som hadde spelt inn forslaget.

## Fjerde kvartal: Ein inspirasjon (og ein til)

### Oktober

1. oktober lyste Psykiatrisk klinikk ved Haukeland universitetssjukehus ut ei nyoppretta stilling for musikkterapeut ved Avdeling spesialisert psykosebehandling (ASP).

9. og 10. oktober var det ulike Rockovery-arrangement ved Amalie Skrams hus, som ei markering av Verdsdagen for psykisk helse. Arbeidsgruppa bak arrangementa var musikkterapeutar ved Solli DPS, Øyane DPS, Bergensklinikken, AFR/Helse Bergen og MOT82/Bergen kommune, og dessutan studentar ved Griegakademiet. Ein eigen Rockovery-film vart utarbeidd til arrangementa, med støtte frå POLYFON.



*Oddny Miljeteig (SV), ein av dei mest profilerte helsepolitikarane i Bergen gjennom mange år, opna Rockovery-arrangementa ved Amalie Skrams hus 9. og 10. oktober. Foto: Øystein Lydvo.*

14. oktober valde POLYFONs brukarpanel å endre namn. Panelet sin leiar, Bjarte Johansen, forklarar: «Vi valgte at ændre navnet til erfaringspanel, da det i højere grad afspejler panelets diversitet, brede kontaktflate til, og erfaringer med musikterapi, inden for de ulike felter. Nu har vi et navn som vi alle kjenner os igen i».

19. oktober presenterte Brynjulf Stige POLYFONs arbeid ved the ArtEZ University of the Arts I Nederland, med vekt på implikasjonar for musikkterapeutens profesjonsrolle.

25. oktober arrangerte Flora kommune ein fagdag om musikkterapi, med Viggo Krüger og Lars Tuastad frå Griegakademiet som hovudførelesarar. Kommunen samarbeider med POLYFON gjennom fylkeskommunen og gjennom Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester. Kommunen etablerte hausten 2019 to nye musikkterapistillingar, i tillegg til stillinga dei hadde frå før.

28. oktober la det nye byrådet i Bergen fram sin politiske plattform for perioden 2019–2023. Som ein del av måla for helse og omsorg, vil Byrådet m.a. arbeide for at Bergen skal vere ein demensvenleg kommune: «For å oppnå dette, vil kommunen i større grad ta i bruk innovasjon, musikkterapi og velferdsteknologi» (s. 22). I tillegg vert det presisert at byrådet vil utvide ordninga med musikkterapeutar på sjukeheimane (s. 23).

Mot slutten av månaden lagde NRK Hordaland ein reportasje om det nye afasikoret som Afasiforeningen for Bergen og omegn har tatt initiativ til, med midlar frå Stiftelsen Dam. I utviklinga av tilbodet, samarbeider Afasiforeningen med musikkterapeut Solveig Karin Brekke. Dette er nybrottsarbeid på våre kantar.

Heilt på slutten av månaden lagde NRK eit Norge nå-program som fokuserte på korleis musikkterapi og musikkbasert miljøbehandling kan utfylle kvarandre i arbeidet med å stimulere tenestene til å ta musikk i bruk som ein helseressurs. NRK-sendinga inneheldt m.a. musikkinnslag med elevar frå Brønnøysund vidaregåande skule og intervju med Ragnhild Skille (Norsk kulturskoleråd), Audun Myskja og Brynjulf Stige.

## November

I byrjinga av november publiserte Verdas helseorganisasjon (WHO Europe) sin første rapport om kultur og helse. Rapporten speglar den kraftige veksten i forskinga på feltet dei siste 20 åra og kan tolkast som eit signal om at WHO vurderer kulturrelaterte praksisar som viktige med tanke på fornying av helsepolitikken dei komande tiåra. Studiar av musikkterapi inngår i rapporten.

13. november fekk Bergen kommune, ved psykolog Anna Helle-Valle i samarbeid med stipendiat Frode Aass Kristiansen ved Griegakademiet, kr. 70 000 i støtte frå POLYFON til eit prosjekt om musikkterapi i møte med uro og agitasjon hos personar med demens på forsterka einingar i kommunen.

18. november vart POLYFON-konserten arrangert i samarbeid med Pøbelscenen Bergen Åpen Mic. Det vart ein festkveld, under kyndig leiing av Elisabeth Torstuen og Marte Sortland Halås.



*Christine Wilhelmsen er leiar for Norsk foreining for musikkterapi, og deltar i POLYFON-samarbeidet gjennom musikkterapistillinga si i Stendi og Kom Nærmere Oslo. Ho arbeider også i Velferdsetaten i Oslo kommune. Under POLYFON-konserten 18. november framførte ho fleire songar saman med erfaringskonsulenten Thomas Barstad. Foto: Rolf Sejersted.*

19. november var det klart for den årlege POLYFON-konferansen, med Doddo som den stødige konferansieren. Dagen var full av sterke innslag, både fagleg og emosjonelt, det meste med fokus på musikkterapi og brukarmedverknad. Det vart ein dag til ettertanke og inspirasjon. Kva gjer brukarmedverknad nødvendig, kvifor og korleis kan det vere både givande og krevjande?



*POLYFON-konferansen 2019 fekk ei sterk musikalsk avslutning med f.v. Anita Lid, musikkterapeut Marte Sortland Halås og musikk-terapistudent Frida Bergljot Atlesdotter. Foto: Rolf Sejersted.*

Under POLYFON-konferansen var det musikkterapeutane ved Bergen kommunes Kompetansesenter for demens som stakk av med prisen for beste poster.



*Gerd Karine Lunde Torsvik og dei andre musikkterapeutane i Bergen kommunes kompe-tansesenter for demens hadde laga ein fargerik og informativ poster og video om «D'e' festival», ein årleg festival for og med menneske med demens. Foto: Rolf Sejersted.*

20. november organiserte POLYFON ein inspirasjonsdag for musikkterapeutar i eldreomsorga, med den danske musikkterapeuten Julie Kolbe Krøier. Ho kunne dra vekslar på mange års praksis og på si eiga forsking i forskingsgruppa PAMI (Person Attuned Musical Interaction) under leiing av professor Hanne Mette Ridder. Fokuset for dagen var korleis norske musikkterapeutar kan bidra til ein personsentrert i eldreomsorg, ved å rettleie pleiepersonalet i deira bruk av musikk i miljøterapien.

## Desember

1. desember tok Helse Bergen over pasientar og tilsette ved Bergensklinikken. Då hadde det over tid vore kjend at klinikken sleit økonomisk. Bergensklinikken var ein føregangsinstitusjon når det gjeld musikkterapi i tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB), og Avdeling for rusmedisin tok difor over 3 musikkterapeut-stillingar, i tillegg til musikkterapeutstillinga og musikkpedagogstillinga avdelinga hadde frå før.



*Med Helse Bergens overtaking av Bergensklinikkens aktivitet, fekk musikk-terapeut Kristelle Johnsen og seksjonsleiar/ psykologspesialist Svanhild Mellingen ved Avdeling for rusmedisin tre nye musikk-terapeutkollegaer. Foto: Brynjulf Stige.*

3. desember vart ei ny fagbok om alders- og sjukeheimsmedisin lansert. Redaktørane Bettina S. Husebø og Elisabeth Flo er knytt til Senter for alders- og sykehjemsmedisin, UiB. Bokas kapittel om musikkterapi er skrive av Christian Gold (NORCE), Stefan Koelsch (UiB) og Brynjulf Stige (UiB/NORCE).

Tidleg i desember vart det kjend at The EU Joint Programme – Neurodegenerative Disease Research (JPND) har gitt forskingssenteret GAMUT med partnarar ca. kr. 26 millionar til prosjektet «Music Interventions for Dementia and Depression in ELderly care (MIDDEL): International cluster-randomised trial». MIDDEL vert den største internasjonale studien på området.



*I MIDDEL-prosjektet vil forskarane inkludere 1000 deltakarar frå 100 sjukeheimar i seks ulike land, derav 100 deltakarar og 10 sjukeheimar i Noreg. F.v. Annette Brenner (clinical trials manager), Brynjulf Stige (forskar) og Christian Gold (prosjektleiar). Forskarane ved GAMUT vil samarbeide med ei stor internasjonal forskargruppe. Foto: Viggo Krüger.*

Tidleg i desember vart det kjend at Den nasjonale forskrifta for skikkavurdering i høgare utdanning er endra, slik at ho no også omfattar musikkterapistudiet. Kunnskapsdepartementet skriv m.a. at «Begrunnelsen for dette er den samme som for de utdanningene som forskriften allerede omfatter. Musikkterapeuter arbeider med barn, unge, voksne og eldre i vanskelige livssituasjoner. En skikkethetsvurdering for dette profesjonsorienterte studiet vil både gi rettsbeskyttelse av studentene og ivareta hensynet til brukerne».

13. desember opna Stitelsen Betanien Bergen *Lundefuglen aktivitetshus* i Fyllingsdalen. Betanien DPS er ei av dei seks DPSane i Bergensregionen som har byrja ein systematisk prosess med oppbygging av gode musikkterapitenester. No tar Betanien eit steg vidare, styrkar rammene for god oppfølging etter behandling, og etablerer eit aktivitetshus med m.a. musikk- og erfaringskafé.



*F.v. ser vi musikkterapeut Nathan Robert Smith, avdelingsleiar og psykologspesialist Maria Hauser og musikkterapeut Vegard Gunnarskog Wikne under opninga av Lundefuglen aktivitetshus 13. desember. Foto: Åse Meistad Skjellevik, Stiftelsen Betanien Bergen.*

21. desember fekk Bjørgvin DPS sin musikkterapifestival nytt namn. Festivalen er organisert med utgangspunkt i tretrinnsmodellen musikkterapeutane ved klinikken arbeider etter (terapi – oppfølging – eigenaktivitet). Etter ein namnekonkurranse, vart GJENKLANG det nye namnet på festivalen. Kring 50 forslag kom inn, og vinnaren, Jon Magne Karlsen Mangerøy, tok i mot prisen under MOT82 sin julekonsert.

Like før jul kom rapporten for Helse Bergens pilotprosjekt «Medikamentfrie behandlingsforløp for personer med psykoselidelser». Helse Bergen er det einaste helseføretaket i Noreg som har prøvd ut medikamentfri behandling som eit tilbod for alle pasientar ved DPSane. Rapporten viser at det er mogeleg å tilby slik behandling på forsvarleg vis i ordinære psykosepoliklinikkar, og *ei* tilråding i rapporten er at dette tilbodet no vert utvida til å gjelde heile Helseregion Vest. I pilotprosjektperioden har oppbygging av musikkterapitilbod vore ei satsing, og rapporten inneheld ein god del informasjon om erfaringane med dette. Det kjem m.a. fram at brukarane i stor grad har vore nøgde med tilbodet og at musikkterapi har vore det tilbodet som har hatt størst etterspurnad samanlikna med kapasiteten.

Mot slutten av månaden etablerte POLYFON ein ny blogg, som ein ny kommunikasjonskanal som kunnskapsklynga vil bruke, i samspel med Facebook-sida og bulletengen POLYFON-nytt. Bloggen vil gje plass til litt lengre tekstar enn dei andre kanalane, og vil gje informasjon om og kommentarar til utviklinga av musikkterapifeltet og klyngesamarbeidet.

31. desember leverte utgreiingsutvalet nedsett av NMH og UiB ei innstilling om spesialistutdanning for musikkterapeutar. Utvalet tilrådde at det vert etablert ei spesialistutdanning for musikkterapeutar innan feltet psykisk helse og rus og at det på andre område vert utvikla relevante etter- og vidareutdanningstilbod.

# 4 Tenesteutvikling

Det musikkterapitilbodet som klyngedeltakarane kan tilby brukarane sine har vore i jamn utvikling sidan POLYFON vart etablert, og 2019 har ikkje vore noko dårleg år i så måte. Samstundes er det framleis eit godt stykke igjen før musikkterapi er tilgjengeleg for brukarane på ein rettferdig fordelt måte, i tråd med kunnskapsgrunnlag, nasjonale føringar og brukarpreferansar.

Kva som er rimelege forventningar på dei ulike arbeidsfelta, må likevel differensierast. På nokre område er det naturleg med systematisk implementering med utgangspunkt i nasjonale retningslinjer, medan musikkterapi på andre felt framleis er i ein meir eksplorativ fase. I det følgjande skisserer vi arbeid med tenesteutvikling i POLYFON i 2019, der vi først presenterer klyngas aktivitet og dernest indikatordata på aktuell samfunnseffekt, før vi vurderer og diskuterer erfaringar og resultat.

## Aktivitet

### Utvikling av nye tilbod og tenester

Som beskrive i kapittel 3, var det ein interpellasjon i Stortinget 12. mars 2019 om kva tiltak som skal til nasjonalt for å sikre likeverd i musikkterapitilbod. Her skal vi kort skissere nokre av dei tiltaka som er gjennomførte lokalt i 2019, av dei ulike deltakarane i POLYFON.

Følgjande deltakarar i klynga lyste ut ei eller fleire musikkterapistillingar i 2019:

- Bergen kommune, Etat for barn og familie
- Bergen kommune, Kulturskolen
- Bergen kommune, Pedagogisk psykologisk senter (PPS) i Sentrum
- Haukeland universitetssjukehus, Avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering
- Haukeland universitetssjukehus, Psykiatrisk klinikk
- Sogn og Fjordane fylkeskommune

I tillegg lyste Flora kommune, som samarbeider tett med klynga, ut 2 musikkterapistillingar.




Nye musikkterapirelaterte lågterskeltiltak vart også utvikla av ulike aktørar, der vi kan nemne at Bergen kommune i 2019 tok over ansvaret for musikkoppfølgingstilbodet MOT82 i Åsane, at Afasiforeningen for Bergen og omegn etablerte eit Afasikor, og at Betanien DPS etablerte aktivitetshuset Lundefuglen. Vidare var fleire av klyngedeltakarane engasjert i å utvikle nye og meir systemorienterte arbeidsmåtar, som Bergen kommune, Etat for sykehjem, sitt arbeid med prosjektet «Musikken for meg», der etatens musikkterapeutar har fokus på å få musikktiltak inn i miljøbehandlinga, ved bruk av nettbrett, høgtalarar og Spotify.

*Arbeid med styrkt oppfølging er ein viktig del av tenesteutviklinga i kunnskapsklynga. Figuren er utarbeidd av Stiftelsen Betanien Bergen, i samband med opninga av Lundefuglen aktivitetshus i desember 2019.*

## Rådgjeving og støtte til innovasjon og implementering

Mange av konsortiedeltakarane brukar prosjektleiinga når dei treng råd i arbeidet med å utvikle nye stillingar og tenester. I 2019 fekk POLYFON m.a. førespurnad frå Helse Bergen i samband med utlysing av stillingar ved Psykiatrisk klinikk og ved ReHabiliteringsklinikken. Prosjektleiinga har også deltatt i idéutvikling innan område der det så langt ikkje er etablert musikkterapitenester, som t.d. lungemedisin. Prosjektleiinga har dessutan gitt råd per telefon eller epost til aktørar utanfor klynga som har bedt om innspel.

## Arbeid med kvalitetsutvikling

I tillegg til at dei ulike klyngedeltakarane arbeider med kvalitetsutvikling kvar for seg, vil kunnskapsklyngas organ – som t.d. arbeidsgrupper og erfaringspanel – gje viktige innspel i denne type prosessar. POLYFONs sommarstipend og utlysingar av såkornmidlar vert også ofte brukt til kvalitetsutvikling, t.d. til gjennomføring av brukarundersøkingar og evalueringar.

Nokre døme på aktuelt arbeid med kvalitetsutvikling i klynga i 2019, er:

- Bergensklinikkens evaluering av brukarerfaringar med musikkterapi.
- Helse Bergens pilotprosjekt «Medikamentfrie behandlingsforløp for personer med psykoselidelser» (2016-2019), der utvikling av musikkterapi ved DPSane inngjekk.
- Helse Bergens arbeid med det nye samvalsverktøyet for psykose, som vart gjort tilgjengeleg nasjonalt i løpet av 2019.
- Helse Bergens prosjekt «Pasienter og pårørendes erfaringer med musikkterapi på Haukeland universitetssjukehus. En kvalitativ pilotstudie».
- Stendi AS sitt arbeid med å evaluere prosjektet «Musikkterapi som integrert tiltak i en nyoppstartet barnevernsinstitusjon».
- Bergen kommune, avdeling for sykehjemsmedisin, sitt arbeid med musikkterapi i møte med uro og agitasjon hos personar med demens ved dei forsterka einingane i kommunens eldreomsorg.

For fleire detaljar, sjå kapittel 3 og 5.



*Ulike seminar og arbeids-grupper i POLYFON kan fungere som «tenketankar» som stimulerer til nytenking. Bildet er frå eit arbeidsseminar i POLYFON 2. desember 2019, der musikkterapi i ulike utfordrande overgangar, gjennom heile livsløpet, var tema. Foto: Liv Gunnhild Qvale.*

## Plan- og strategiarbeid

Dersom kunnskapsklynga POLYFON skal nå målet sitt om å gjere musikkterapi tilgjengeleg for brukarar som ønskjer og treng det, må musikkterapi skrivast inn på ein systematisk måte i aktuelle planar i kommunar og helseføretak. Som døme kan vi nemne at Bergen kommune hadde to slike planprosessar på gong i 2019, i Etat for sosiale tenester og i Etat for barn og familie. Vidare valde det nye byrådet i Bergen å integrere musikkterapi i sin politiske plattform for perioden 2019–2023: Plattforma er konkret på at byrådet vil utvide ordninga med musikkterapeutar på sjukeheimane (s. 23).

## Indikatordata og vurderingar: klyngas *Hovudmål*

*Hovudmålet er:* Musikkterapi til alle som ønskjer og treng det.

### Tal brukarar og musikkterapiaktivitet hjå deltakarane

| | | |
|---|---|---|
| Tal *brukarar* i aktuelle avdelingar hjå deltakarane (totalt i løpet av året) | | - |
| Tal *brukarar* som har takka ja til tilbod om MT (totalt i løpet av året) | Individuell MT | - |
| | Gruppe-MT | - |
| Tal *hendingar/møtepunkt* i lågterskeltilbod (totalt i løpet av året) | | - |

Kommentar: Det viste seg umogeleg å samle inn pålitelege data for 2019 for dei fire første indikatorane for samfunnseffekten av klyngas arbeid med hovudmålsetjinga. Dette av di vi manglar data frå mange deltakarar og av di fortolking av indikatorskjemaet og metodar for innsamling har variert svært mykje mellom dei som hare levert inn data. Dette skuldast mellom anna at aktørane er ulike, der klynga involverer kommunale tenester og spesialisthelseteneste, og også aktivitetar innan andre sektorar enn helse, som skule, sosial og kultur. Vi takkar som har levert data for den innsatsen som er gjort med å samle inn dette, men har altså ikkje grunnlag for å presentere samla tal for klynga.

Vurdering: For kvar enkelt deltakar (eller kvar enkelt etat/avdeling) kan det vere både interessant og relevant å dokumentere kor mange brukarar/deltakarar som får ulike typar musikkterapitilbod. Erfaringane med å samle inn data for 2019, tilseier at det er ekstremt vanskeleg å gjere dette på tvers av sektorar og type tilbod. Kor mykje arbeid ein skal leggje i å utvikle prosedyrar for slik felles datainnsamling i framtida, må vurderast nærare, både med tanke på arbeidsinnsats og sannsynleg nytte. Ein må då ta høgde for at eventuelle tidsseriar kan få redusert verdi når/dersom klyngas samansetjing endrar seg frå år til anna. Med tanke på indikatorbehovet, kan ein vurdere om andre indikatorar – som tal musikkterapistillingar og tal frå Norsk pasientregister – gjev god nok indikasjon på omfanget av musikkterapitilbodet. Med tanke på kvalitets-utvikling av tenester og tilbod, kan ein vurdere om klynga kan stimulere til erfaringsutveksling og prosjektutvikling med fokus på dokumentasjon, der det er behov og interesse for dette lokalt.

### Opplysningar frå Norsk pasientregister (NPR)

POLYFON har søkt Norsk pasientregister (NPR) om opplysningar om spesialisthelsetenesta sin bruk av prosedyrekodane "IBBE00" og "IBBE10" – Musikkterapi. Helsedirektoratet ved avdeling helseregistre har vurdert søknaden og finn at den bruken av registeropplysningar som kunnskapsklynga har søkt om ligg innanfor NPR sitt formål og at utlevering av opplysningar er i tråd med Norsk pasientregisterforskrift. NPR fråskriv seg ansvar for analysar og tolkingar baserte på dei utleverte opplysningane, jf. informasjonen gitt på årsmeldingas kolofonside.

I samband med utlevering av opplysningar, kjem NPR med fleire presiseringar og forklaringar, der vi summerer opp noko av det viktigaste:

- Prosedyrekoden "IBBE00" – Musikkterapi – finst i NPR-data frå og med 2016. Frå og med 2019 vert Musikkterapi i tillegg også registrert med prosedyrekode "IBBE10".
- Prosedyrekodane "IBBE00" og "IBBE10" dukkar opp i data frå sektorane i) somatikk, ii) tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) og iii) psykisk helsevern for vaksne. Prosedyren dukkar ikkje opp i data frå avtalespesialistar, psykisk helsevern for born og unge og rehabiliteringsinstitusjonar.
- NPR vel å utlevere tre ulike volumtal: i) Tal episodar: omfanget av polikliniske og innlagte opphald kor prosedyrekodane vert brukt, ii) Tal prosedyrar: omfanget av prosedyrekodebruk (der dette altså *kan* skje fleire gonger i løpet av *ein* episode), og iii) Tal pasientar (per sektor) som har fått musikkterapi. En pasient kan då ha fleire episodar.

Kommentar: Dei aktuelle prosedyrekodane har berre vore i bruk nokre få år, og det kan nok framleis variere noko kor systematisk dei vert brukte i ulike helseføretak og avdelingar. Vi har ikkje grunnar til å tru at det skulle vere systematiske skilnader mellom helseregionane når det gjeld slike feilkjelder.

Vurdering: Sjølv om det er feilkjelder knytt til bruken av kodane, er det grunn til å tru at opplysningane gjev ein indikasjon på kva musikkterapitilbod som vert gitt i spesialisthelsetenesta i Noreg. Det er verdt å merke seg prosedyrekodane for musikkterapi *ikkje* er i bruk i psykisk helsevern for born og unge eller i rehabiliteringsinstitusjonar. Ein kan då spørje seg om det skuldast at omfanget av musikkterapitilbod her førebels er svært lite, eller om det skuldast andre forhold.

| **Landet samla** | Episodar | Prosedyrar | Pasientar |
|---|---|---|---|
| *2016:* | *2 294* | *2 687* | *498* |
| - Somatikk | 57 | 65 | 18 |
| - Rusbehandling | 159 | 228 | 86 |
| - Psykisk helsevern vaksne | 2 078 | 2 394 | 394 |
| *2017:* | *2 700* | *2 949* | *537* |
| - Somatikk | 25 | 25 | 16 |
| - Rusbehandling | 475 | 542 | 132 |
| - Psykisk helsevern vaksne | 2 200 | 2 382 | 389 |
| *2018:* | *3 275* | *3 703* | *789* |
| *- Somatikk* | *142* | *215* | *116* |
| *- Rusbehandling* | *589* | *801* | *239* |
| *- Psykisk helsevern vaksne* | *2 544* | *2 687* | *434* |
| *2019:* | *4628* | *5118* | *1003* |
| *- Somatikk* | 360 | 578 | 216 |
| *- Rusbehandling* | 520 | 530 | 181 |
| *- Psykisk helsevern vaksne* | 3748 | 4010 | 606 |

*Tabell 4.1 viser utdrag av statistikk utarbeidd av NPR, over bruk av prosedyrekodane for musikkterapi i spesialisthelsetenesta i perioden 2016-2019.*

Kommentar: Vi merkar oss at veksten i bruk av kodane er sterkare i sektorane somatikk og psykisk helsevern for vaksne enn i tverrfagleg spesialisert rusbehandling.

Vurdering: At det er sterkare vekst i psykisk helsevern enn i tverrfagleg spesialisert rusbehandling, kan forklarast med at verknadshistoria er lengre og tilrådinga av musikkterapi sterkare i retningslinja for psykosebehandling enn i rusbehandlingsretningslinja. Relativt sett er veksten i somatikk interessant, gitt at ein her ikkje har same støtte av nasjonale retningslinjer. Tala er likevel såpass små at endringane kan forklarast med aktiv satsing ved nokre få avdelingar og sjukehus. Det er elles verdt å merke seg at det for alle sektorar er det relativt liten skilnad på tala for episodar og prosedyrar. Er det i samsvar med pasientanes sine behov, eller reflekterer det låg kapasitet til å gje musikkterapitilbod?




*Figur 4.1 viser utdrag av statistikk utarbeidd av NPR, og gjev oversyn over tal episodar der prosedyrekodane for musikkterapi er brukt i spesialisthelsetenesta i perioden 2016-2019, fordelt på sektorar og helseregionar.*




*Figur 4.2 viser utdrag av statistikk utarbeidd av NPR, og gjev oversyn over tal prosedyrar der prosedyrekodane for musikkterapi er brukt i spesialisthelsetenesta i perioden 2016-2019, fordelt på sektorar og helseregionar.*




*Figur 4.3 viser utdrag av statistikk utarbeidd av NPR, og gjev oversyn over tal pasientar der prosedyrekodane for musikkterapi er brukt i spesialisthelsetenesta i perioden 2016-2019, fordelt på sektorar og helseregionar.*

Samla kommentar for figurane 4.1-4.3: I alle fire helseregionane er tala framleis relativt låge, men både i Helse Sør-Øst og i Helse Vest er det ein klar vekst, størst i Helse Vest. Tilbod i somatikken har i 2019 auka langt meir i Helse Sør-Øst enn i Helse Vest, medan det motsette gjeld for psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling. I Helse Midt og Helse Nord er prosedyrekodane brukte svært lite, og tala har endra seg lite over tid. Dei tala NPR har utlevert, viser også at ein eller to pasientar får musikkterapi i to ulike helseregionar. I 2019 dukkar også musikkterapi for første gong opp i fritt behandlingsval, med ein pasient.

Samla vurdering for figurane 4.1-4.3: Statistikken viser altså at den samla veksten i bruk av prosedyrekoden er kraftigare i Helse Vest enn i nokon annan helseregion. Medan det i 2016 t.d. var registrert 261 pasientar i Helse Sør-Øst som fekk musikkterapi, mot 214 i Helse Vest, har desse tala i 2018 endra seg til 310 i Helse Sør-Øst og 456 i Helse Vest. Her må vi ta med at folkegrunnlaget er ulikt i dei to regionane, høvesvis ca. 3 millionar og ca. 1 million menneske. *Relativt sett er altså musikkterapi brukt i klart størst omfang i Helse Vest.* Tala frå Norsk pasientregister tyder difor på at det systematiske samarbeidet i POLYFON bidreg til at fleire brukarar får tilgang til musikkterapi. Denne slutninga vert styrkt av den neste indikator (sjå nedanfor), nemleg tal musikkterapeutstillingar (årsverk) hjå deltakarane i kunnskapsklynga. Som det går fram nedanfor, byrja veksten her å auke *etter* at POLYFON vart etablert.

## Indikatordata og vurderingar: klyngas *Delmål 1*

*Delmål 1* er: MT er integrert i tenestene på ein systematisk, kunnskapsbasert og brukarorientert måte.

### Tal musikkterapeutstillingar (årsverk) hjå deltakarane

Ved avslutning av driftsåret 2019, var det til saman 42,8 musikkterapeutårsverk hjå klyngedeltakarane. Då er ikkje dei akademiske stillingane ved UiB og NORCE rekna med. Årsverka fordelte seg slik:

| | |
|---|---|
| Bergen kommune: | 16,0 |
| Betanien DPS: | 1,3 |
| Solli DPS: | 1,0 |
| Voss DPS: | 1,0 |
| Fjell kommune: | 4,9 |
| Haraldsplass DS: | 0,1 |
| Haukeland US: | 10,5 |
| NKS Olaviken: | 2,0 |
| Stendi AS: | 3,0 |
| Førde kommune: | 0,4 |
| Helse Førde: | 1,6 |
| Sogn og Fjordane FK: | 1,0 |

*Tabell 4.2 viser tal musikkterapistillingar totalt i 2019 hos dei ulike klyngedeltakarane. Stillingar innan forsking og høgare utdanning er ikkje rekna med.*

Når det gjeld utvikling av musikkterapiårsverk over tid, finst der eit datamateriale å samanlikne med, ettersom GAMUT i samband med 10-årsjubileet sitt i 2016 utarbeidde eit oversyn for perioden 2006-2016. I tillegg har vi lest POLYFONs årsmeldingar for 2017 og 2018 for å fastsetje veksten i stillingar dei to åra. For 2019 er tal stillingar dokumentert gjennom POLYFONs innsamling av indikatordata.




*Figur 4.4 viser utvikling av tal musikkterapistillingar hjå POLYFON-deltakarene i perioden 2006-2019. Stillingar innan forsking og høgare utdanning er ikkje rekna med.*

Kommentar: Fleire faktorar vil verke inn på tal stillingar som vert etablerte hjå dei ulike deltakarane, der ein både må rekne med nasjonale føringar (retningslinjer m.m.) og lokale prosessar. Nokre årstal som peikar seg ut når det gjeld nasjonale føringar er tilrådingane av musikkterapi i psykoseretningslinja (2013), rus-behandlingsretningslinja (2016) og demensretningslinja (2017). Lokalt, i den regionen POLYFON først og fremst omfattar i dag, vil to av dei sentrale prosessane vere etableringa av musikkterapistudiet og av forskingsmiljøet ved UiB/NORCE (2006) og etableringa av kunnskapsklynga POLYFON (2015). I tillegg kjem sjølvsagt det entreprenørskapet som fagfolk og leiarar innan kvar deltakande organisasjon står for.

Vurdering: Dei første musikkterapeutstillingane i regionen kom i første halvdel av 1980-talet, så når det i 2006 var knappe 7 stillingar hjå det som i dag er klyngedeltakarane, må veksten seiast å ha vore særs langsam dei første åra. Det ser ut som at etableringa av musikkterapistudiet ved UiB og av GAMUT ved UiB/NORCE i 2006 har bidratt til å setje fart på prosessen. Etter ei «latenstid» byrjar stillingstalet å vekse i 2008, og veks så i snitt med litt over 2 stillingar per år fram til 2016. Etter dette er veksten i nye stillingar raskare, med ca. 5 nye stillingar i snitt per år. Dette kan forklarast på to måtar: Det er ein effekt av nasjonale føringar (som byrja å kome i 2013) og/eller det er ein effekt av lokale initiativ, støtta av POLYFON. Mykje tyder på at begge delar er tilfelle. Dersom vi samanliknar med tala frå Norsk pasientregister (sjå over), er det i same periode liten eller inga endring i Helse Midt og Helse Nord, moderat endring i Helse Sør-Aust, og ei sterk endring i Helse Vest. Ein måte å forklare dette på er at nasjonale føringar er nødvendige, men ikkje tilstrekkelege, for endring. I Midt- og Nord-Norge ser det ut til at entreprenørar i tenestene manglar tilgang til den informasjonen og faglege støtta som er nødvendig for endring, medan slik tilgang eksisterer på Austlandet og Vestlandet, der dei to utdanningane/forskingsmiljøa i faget ligg. Begge miljøa har utvikla samarbeids-nettverk med tenestene i sin region og prøver å støtte utvikling av praksisfeltet. På Vestlandet er det mogeleg å gjere dette meir systematisk og i større grad, fordi ein har makta å etablere og finansiere ei kunnskapsklynge. Eit spørsmål er sjølvsagt då om og korleis klynga i sterkare grad kunne ha bidratt til utvikling av brukarorienterte og kunnskapsbaserte musikkterapitenester også i andre regionar.

## Tal konsultasjonar der prosedyrekode for musikkterapi er brukt

Denne indikatoren er berre aktuell for spesialisthelsetenesta, altså for Betanien DPS, Solli DPS, Voss DPS, Haraldsplass Diakonale Sjukehus, Haukeland universitetssjukehus, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus og Helse Førde. Prosedyrekoden er relativt ny på landsbasis, og det varierer noko frå helseføretak til helseføretak, av og til også frå avdeling til avdeling, korleis koden er tatt i bruk. Føringane nasjonalt er at han skal brukast, og vi reknar auke i medvitet om dette som interessant i seg sjølv, så sjølv om der vil vere feilkjelder, reknar vi det totalet talet på konsultasjonar med bruk av koden som relevant og interessant. Samsvaret mellom kodebruk og reell bruk av musikkterapi vil truleg også auke i åra som kjem, knytt til sterkare vektlegging av innsatsstyrt finansiering (ISF).

I 2019 var det *2542 konsultasjonar* hjå klyngedeltakarane der prosedyrekode for musikkterapi er brukt.

Kommentar: Førebels finst der ikkje data frå andre år å samanlikne med. Rapporteringa hjå dei ulike deltakarane har vore noko ulik, så det er også for tidleg å samanlikne med NPR-opplysningane gitt over.

## Akkumulert tal strategi-/handlingsplanar hjå deltakarane der musikkterapi er inkludert

Følgjande tal og titlar vart rapporterte inn for 2019:

<table>
<tr><td>Akkumulert tal strategi-/handlingsplanar hjå deltakarane der MT er inkludert</td><td>7</td></tr>
<tr><td colspan="2">Akkumulert liste (med årstal) over strategi- og handlingsplanar hjå deltakarane der MT er med:<br><br>Bergen kommune<ul><li>2019: Handlingsplan for arbeid og aktivitet for rusavhengige 2019-2022</li><li>Under arbeid i 2019: Plan for implementering av musikkterapi i Barne- og familiehjelpen</li></ul><br>Bergensklinikken:<ul><li>Strategiske føringar for Bergensklinikken: Frå 2014-2019. Prosjekt Musikkterapi «Implementering av musikkterapi i BKL»</li></ul></td></tr>
</table>

| |
|---|
| Helse Førde – BUP<br>• Kompetanseplan for seksjonen (årstal ikkje oppgitt)<br><br>NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus:<br>• Strategi- og handlingsplan 2017-2020<br><br>NORCE Helse<br>• Strategi for NORCE Helse (2019-2025)<br><br>Sogn og Fjordane fylkeskommune<br>• 2019: Kultur for alle. Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 |

Kommentar: Her er det ingen tal frå tidlegare år å samanlikne med.

Vurdering: Noko av det vi ser, er at det ikkje er eit ein-til-ein-forhold mellom implementering og rapportert planarbeid. Haukeland universitetssjukehus har t.d. arbeidd svært aktivt med implementering av musikkterapi dei siste åra, utan at planarbeid er rapportert inn her (vi veit likevel frå POLYFONs årsmeldingar for 2017 og 2018 at Divisjon for psykisk helsevern sin strategiplan frå 2017 har spelt ei rolle). Det vi også ser, er at somme klyngedeltakarar – t.d. Bergen kommune – legg stor vekt på systematisk planarbeid som grunnlag for framtidig implementering.

## Tal nasjonale styringsdokument med føringar om implementering av musikkterapi

Prosjektleiinga har identifisert følgjande nye offentlege dokument med omtale av musikkterapi i 2019:

- NOU-ar (Noregs offentlege utgreiingar) 1
- Nye Stortingsmeldingar 1
- Nye nasjonale, faglege retningslinjer 0

Akkumulert tal på nasjonale, faglege retningslinjer som omtalar musikkterapi: 8

Kommentar: Her er det ingen tal frå tidlegare år å samanlikne med.

Vurdering: Metodikken for innsamling av data baserer seg på at prosjektleiinga «følgjer med» og dessutan gjennomfører søk på nettsida regjeringen.no. Dette er neppe ein metodikk utan feilkjelder, men vil gje eit rimeleg godt bilete av kor mange styringsdokument frå regjeringa som omtalar musikkterapi, noko som igjen vil seie noko om kor kjend og anerkjend fagfeltet er i det norske ekspertbyråkratiet og i det politiske miljøet nasjonalt. Samstundes er truleg innhald og kvalitet i omtalen av musikkterapi i dei ulike dokumenta like interessant som sjølve talet på dokument. Aktuell NOU (Østenstad-utvalet sitt lovforslag om bruk av tvang i tenestene) og stortingsmelding (folkehelsemeldinga, Meld. St. 19 (2018-2019)) er omtala i kapittel 3.

# 5 Forsking og innovasjon

POLYFON arbeider for at det skal verte gode vilkår for forsking og innovasjon innan musikkterapi hjå alle deltakarane i kunnskapsklynga. Samhandling og samarbeid mellom aktørane i klynga er eitt av verkemidla for å realisere dette. Her følgjer først ein presentasjon av aktivitet, dernest av indikatordata, med kommentarar og vurderingar.

## Aktivitet

### POLYFON sommarstipend for musikkterapistudentar

Følgjande sommarstipend vart tildelte i 2019:

- Erlend Johan Myrhaug (rettleiar Lars Tuastad): Kr. 36 000,- til prosjektet «Har musikkterapi effekt for å fremme velvære, sosial kontakt og behandlingsmotivasjon, som ledd i det medikamentfrie tilbudet i Helse Bergen?»
- Mathias Nilssen (rettleiar Xueli Tan): Kr. 18 000,- til prosjektet «Music in Healthcare: Evidence from Cochrane Database of Systematic Reviews».
- David Solberg og Eirik Sæle (rettleiar Viggo Krüger): Kr. 18 000,- kvar til «Produksjon av kunnskapsbeskrivelse: Musikkterapi for barn og unges psykiske helse og barnevern».
- Karoline Widding (rettleiarar Maren Metell og Karin Mössler): Kr. 36 000,- til «Kartlegging av musikkterapitjenester for barn og unge i Hordaland og Sogn og Fjordane».

### Nye forskingsprosjekt som fekk tildelt POLYFON såkornmidlar

Følgjande prosjekt fekk tildelt POLYFON såkornmidlar i 2019:

- Helse Bergen, ved Merethe Wolff Lindvall: kr. 100 000, - til prosjektet «Pasienter og pårørendes erfaringer med musikkterapi på Haukeland universitetssjukehus. En kvalitativ pilotstudie».
- Stendi AS, ved musikkterapeut og førsteamanuensis Viggo Krüger, i samarbeid med psykolog-spesialist Thomas Høiseth: kr. 40 000,- til arbeid med ein vitskapleg artikkel om prosjektet «Musikkterapi som integrert tiltak i en nyoppstartet barnevernsinstitusjon».
- Avdeling for sykehjemsmedisin i Bergen kommune, ved psykolog Anna Helle-Valle i samarbeid med stipendiat Frode Aass Kristiansen ved Griegakademiet: kr. 70 000 i støtte til prosjektet MUSIAGI: «Musikkterapi i møte med uro og agitasjon hos personer med demens på forsterkede enheter i Bergen kommune».

### Pågåande forskingsprosjekt støtta med POLYFON såkornmidlar

- Claire Ghetti, Griegakademiet, UiB: «Evaluating the feasibility of 'LongSTEP – Longitudinal Study of music therapy´s effectiveness for premature infants and their caregivers'».
- Steinar Hjelmbrekke, Bergensklinikken (i dag Helse Bergen): «En kvalitativ studie av betydningen av musikkterapi i sosial recovery for personer med rusmiddelproblemer og ADHD».
- Sunniva Ulstein Kayser, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus: «Sound Beam som musikkterapeutisk hjelpemiddel for personer med Huntington sykdom».
- Kristine Madsø, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus: «Musikkterapi for hjemmeboende personer med demens sammen med en pårørende».
- Maren Metell, Griegakademiet, UiB: «MUSIKKAFÉ: Et samfunnsmusikkterapitilbud for sped- og småbarnsfamilier».
- Randi Rolvsjord og Wolfgang Schmid, Griegakademiet, UiB: «Role-plays in music therapy education: A qualitative study of students' experiences, and the transfer into their professional practices as music therapists».
- Lars Tuastad, Bjørgvin DPS / Griegakademiet, UiB: «Fra stigmatisering til involvering? – et forskningsprosjekt om stigma i musikkterapifeltene psykisk helse og rus».

## Andre prosjekt knytt til POLYFON-samarbeidet

Fleire prosjekt ved GAMUT og/eller ved dei andre deltakarane i klynga er av relevans for POLYFON. Her tar vi med følgjande døme:

- Christian Gold, Claire Ghetti og Lucja Bieleninik, GAMUT, NORCE og UiB: "Longitudinal Study of music Therapy's Effectiveness for Premature infants and their caregivers: international randomized trial (LongSTEP)." Periode: 2018-2022. Finansiering: NFR.
- Christine H. Ødegaard, Haukeland universitetssjukehus: «Medication free treatment in psychosis: The meaning of choice for people with lived experiences of psychosis – A qualitative exploration». Ph.d.-prosjekt med rettleiarar frå tre ulike UiB-fakultet: Ingunn Marie S. Engebretsen, Marius Veseth og Brynjulf Stige. Periode: 2017-2020. Finansiering: Haukeland universitetsjukehus.
- NKS Olaviken: «Min musikalske livshistorie – Terapeutisk opplevelsesteknologi for eldre med kognitiv svikt». Finansiering: ExtraStiftelsen, Helsedirektoratet (InnoMed-midlar), NKS Olaviken.
- Viggo Krüger, Aleris Ungplan: «Mot et selvstendig liv i fellesskap, musikkterapi innen ettervern i barnevernet». Periode: 2014-2019. Finansiering: Stendi (Aleris Ungplan Region Vest).
- Minna Hynninnen, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus: «Musikkterapi for behandling av angst og depresjon hos personer med kognitiv svikt/mild demens». Prosjektet er ein del av ph.d.-arbeidet til psykolog Kristine Madsø. Finansiering: POLYFON, NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus.
- Guro Parr Klyve, GAMUT, UiB: «Musikkterapi med barn på sykehus i psykisk helsevern». Ph.d-prosjekt om musikkterapi på sjukehus for born i psykisk helsevern. Periode: nov. 2016-nov. 2021. Finansiering: UiB.
- Christian Gold, GAMUT, NORCE og Sabine Ruths, AFE, NORCE: PraksisNett / IMPRINT – pilotprosjekt om depresjon i primærhelsetjenesten. Piloten vil leie til ein større NFR-søknad. Finansiering: NORCE.



*Møtet med fagrådet (Scientific Advisory Committee) i 2019 gav mange mogelegheiter for diskusjon og refleksjon når det gjeld forsking. Bildet viser m.a. Tia DeNora (University of Exeter/UiB) i samtale med UiB-stipendiaten Guro Parr Klyve. Foto: Liv Gunnhild Qvale.*

## Indikatordata og vurderingar: klyngas *Delmål 2*

*Delmål 2* er: Forskinga er praksisnær og behovsidentifisert og held internasjonal standard.

### Tal NVI-registrerte publikasjonar i følgje Cristin

18 NVI-registrerte publikasjonar er rapporterte inn for 2019:

- Publikasjonar på nivå 1: 15
- Publikasjonar på nivå 2: 3

Kommentar: Her er det ingen tal frå tidlegare år å samanlikne med. Vedlegg 2 gjev ei liste over dei aktuelle publikasjonane.

Vurdering: Både fordi dei fleste vitskaplege publikasjonar er på nivå 1, og fordi kunnskapsklynga vektlegg praksisnær forsking, vil fordelinga med 15 publikasjonar på nivå 1 og 3 publikasjonar på nivå 2 vere tilfredsstillande og som forventa. Det er positivt at 4 av klyngedeltakarane har vore involverte i publiseringsaktiviteten (sjå vedlegg 2). Det er eit mål at det talet kan auke i åra framover, etter kvart som klyngas arbeid med å fremme praksisnær forsking i tenestene får endå meir vind i segla.

### Søknadsaktivitet knytt til POLYFONs utlysingar

Følgjande søknadssummar og innvilga summar er registrerte for 2019:

| | |
|---|---|
| Søknadssum til POLYFONs såkornmidlar | 270.000 |
| Innvilga sum | 210.000 |
| Tal søknader til POLYFONs såkornmidlar | 4 |
| Tal innvilga søknader | 3 |
| Søknadssum til POLYFONs sommarstipend for studentar | 126.000 |
| Innvilga sum | 126.000 |
| Tal søknader til POLYFONs sommarstipend for studentar | 4 |
| Tal innvilga søknader | 4 |

Kommentar: Alle søknader er vurderte av ein vitskapleg komité med erfarne forskarar med professorkompetanse. Klyngas leiing er ikkje involvert i vurderingsprosessen, og har difor bidratt med rettleiing av søknader etter førespurnad, og vil halde fram med det. Søknadsskrivekurs vil også verte arrangert ved behov. Søknadene til POLYFONs sommarstipend for studentar vert utvikla i samarbeid med forskarar ved GAMUT, så desse søknadene vert kvalitetssikra også på den måten.

Vurdering: At ein høg prosent av søknadene får tilslag, tilseier då at det er jamt god kvalitet over søknadene. Samla sett, vurderer vi prosessane med å kvalitetssikre søknader som gode, men det er ingen grunn til ikkje å halde fram med å utvikle dette, då det jo er eit mål at klyngedeltakarane også skal kunne konkurrere om eksterne midlar (sjå nedanfor). På sikt kan det også vere ønskjeleg å auke talet på søknader. Ikkje alle klyngedeltakarane brukar POLYFONs utlysingar av prosjektmidlar aktivt, og for å sikre praksisnær og brukarorientert forsking i musikkterapi, vil det vere viktig å auke forskingsaktiviteten i tenestene. Klynga har i 2019, som tidlegare år, brukt ein mindre sum til prosjekttildelingar enn det som er budsjettert, så også økonomisk vil det vere rom for auka søknadsaktivitet.

## Søknadsaktivitet knytt til andre instansar

Følgjande summar knytt til forskingssøknader til andre finansieringsinstansar er rapportere inn i 2019:

| | |
|---|---|
| Søknadssum til andre instansar (gjeld forsking) | 57.980.748 |
| Innvilga sum andre instansar (gjeld forsking) | 26.306.028 |

Følgjande søkjarar og finansieringsinstansar er rapporterte inn:

Griegakademiet

- Norges forskningsråd (avslått)
- EU – H2020 – Societal Challenge 6 (avslått)
- Interne midlar frå UIB:
  - SPIRE 2019 (avslått)
  - Meltzer reisestøtte (tildelt)
  - KMD, Strategiske midlar 2019 (tildelt)

NORCE Helse

- Norges forskningsråd (avslått)
- The EU Joint Programme – Neurodegenerative Disease Research (JPND) (tildelt)
- Interne midlar frå NORCE:
  - NORCE Helses basisløyving (tildelt)

Helse Bergen – BUK

- Helse Vest (avslått)
- Extrastiftelsen (avslått)

NKS Olaviken

- Helse Vest (avslått)

Kommentar: På same måte som det er eit mål for klynga å auke tal deltakarar som publiserer, er det sjølvsagt eit mål å auke tal klyngedeltakarar som utarbeider forskingssøknader. Begge tala er altså 4 i 2019, der Griegakademiet og NORCE Helse går inn i begge tala, slik at det totalt er 6 klyngedeltakarar som var involverte i denne type vitskapleg aktivitet knytt til musikkterapi i 2019. Det er elles verdt å merke seg at det truleg er ein del eigeninnsats når det gjeld musikkterapiforsking blant klyngedeltakarane som ikkje kjem fram av tala og rubrikkane over. Eitt døme er NKS Olaviken alderspsykiatriske sykehus som i 2019 la til rette for og garanterte økonomisk for eit nytt ph.d.-prosjekt i musikkterapi.

Vurdering: Tilslagsprosenten på nærare 50 når det gjeld summar, må kunne seiast å vere særs god. Det er eit mål for POLYFON å stimulere til at fleire av klyngedeltakarane engasjerer seg i å utvikle søknader til eksterne finansieringsinstansar. Det er ein av grunnane til at POLYFONs eigne utlysingar (sjå over) er definerte som såkornmidlar.

# 6 Utdanning

Utdanningsaktivitet skjer hjå fleire av deltakarane i kunnskapsklynga, særleg då UiB og Høgskulen på Vestlandet. Også fleire av dei andre klyngedeltakarane kan vere involverte, t.d. i utvikling av etter- og vidareutdanningstilbod. Her følgjer først presentasjon av aktivitet, dernest av indikatordata, med kommentarar og vurderingar.

## Aktivitet

### UiBs femårige integrerte masterutdanning i musikkterapi

For Griegakademiet si femårige integrerte masterutdanning i musikkterapi, representerer POLYFON ein viktig kontaktflate med tenestene. Fagmiljøet arbeider kontinuerleg med revisjonar i studieplanen, og innspel frå POLYFON-samarbeidet er ein del av grunnlaget for dette. I 2019 kom det ikkje inn konkrete innspel om endringar i masterutdanninga frå aktørane i klynga, men sjå t.d. korleis samspelet mellom utdanning og praksisfelt er beskrive i vedlegg 3a (Rapport 2019 for POLYFONs arbeidsgruppe Barn og unges oppvekst).

Studentane vert elles knytt til kunnskapsklynga POLYFON på ulike vis, gjennom prosjekt, sommarstipend, praksis, deltaking på POLYFON-konferansen og andre seminar, osb.



*Musikkterapistudentane sin praksis i tenestene er allsidig, nært knytt til behandling og førebygging, men samstundes med innslag av kulturformidling. 14.-17. oktober 2019 vart haustfestivalen «Det var en gang» arrangert ved Haukeland universitets-sjukehus, for andre året på rad. I løpet av fire dagar vart Barne- og ungdomsklinikken fylt med kunst, musikk og kultur med eventyrtema. F.v.: musikkterapeut Merethe Lindvall og musikkterapistudentane Karoline Widding, Eir Høydal og Benjamin Skaug. Foto: Helse Bergen.*

### Etterutdanningstilbod

Etterutdanningskurs kan m.a. gjennomførast i samarbeid med forskings- og utviklingsprosjekt. I 2019 var det ingen kurs av denne typen, men ved Griegakademiet vart det arbeidd med planar om eit etterutdanningskurs om musikk som førebyggjande arbeid i skulen, med utgangspunkt i Erasmus+-prosjektet STALWARTS.

POLYFON-konferansen og andre seminar arrangert av klynga har i seg sjølv karakter av å vere etter-utdanningskurs. I 2019 vart POLYFON-konferansen godkjent som etterutdanning/valfrie spesialistkurs både av Psykologforeningen og Legeforeningen.

I tillegg kan POLYFON organisere eigne etterutdanningskurs, der eitt døme på dette i 2019 var inspirasjons-dagen for musikkterapeutar i eldreomsorga den 20. november, med Julie Kolbe Krøier frå Aalborg Universitet som føredragshaldar.

### Utgreiing av mogelegheiter for spesialistutdanning for musikkterapeutar

Sidan september 2016 har styringsgruppa for POLYFON fleire gongar drøfta relevansen av spesialist-utdanningstilbod for musikkterapeutar og også etterspurt slik utdanning. Rådet frå styringsgruppa har vore grundig diskutert i fagmiljøet ved Griegakademiet, og i 2018 utarbeidde instituttleiar Randi Rolvsjord og POLYFONs prosjektleiar ein søknad til UiB om støtte til utgreiing av mogelegheiter for ei slik spesialist-utdanning. I desember 2018 fekk Griegakademiet kr. 200 000 i støtte frå UiB til dette, og til utvikling av to etterutdanningsmodular. Arbeid med dette var ei prioritert oppgåve i 2019, der leiaren for klynga har vore skrivar for eit nasjonalt utval som har utgreidd spørsmålet. Innstilling vart levert 31. desember 2019.

## Indikatordata og vurderingar: klyngas *Delmål 3a*

*Delmål 3a* er: Utdanning i musikkterapi er relevant, av høg kvalitet og av tilstrekkeleg omfang

### Søkjartal, studieplassar og uteksaminerte kandidatar ved musikkterapistudiet

Følgjande tal er rapporterte inn for 2019 for det femårige integrerte masterprogrammet i musikkterapi:

| | |
|---|---|
| Søkjartal MT-studiet ved UiB: totalt | 148 |
| Søkjartal MT-studiet ved UiB: førsteprioritet | 50 |
| Søkjartal MT-studiet ved UiB: påmeldt opptaksprøve | 53 |
| Studieplassar ved MT-studiet ved UiB | 14 |
| Uteksaminerte kandidatar frå MT-studiet ved UiB | 11 |

Kommentar: POLYFON har ikkje samla inn data frå tidlegare år for samanlikning, men etter det vi forstår har søknadstala til musikkterapistudiet ved UiB vore stabile dei siste åra. Det mest avgjerande, er elles ikkje totalt søkjartal, men kor mange søkjarar som faktisk melder seg på opptaksprøve. Nivået på søknadsprøvene – altså kor mange av dei som kjem til opptaksprøve som faktisk er kvalifiserte – er sjølvsagt også særs viktig.

Vurdering: POLYFON bidreg truleg til fleire musikkterapistillingar og -tilbod (kapittel 4), til meir kunnskap om musikkterapi (kapittel 5) og til meir kjennskap til musikkterapi i samfunnet (kapittel 7). Det er nærliggjande å anta at dette kan ha positiv effekt på rekruttering til musikkterapistudiet, men førebels er altså søkjartala stabile, slik at det ikkje er ein openberr effekt å sjå. Skal POLYFON nå sitt mål om å gjere musikkterapi tilgjengeleg for alle som ønskjer og treng det, må talet på søkjarar til musikkterapistudiet ytterlegare opp. Dette er difor ein viktig tematikk for kunnskapsklynga å følgje opp. Eitt spørsmål kan vere om aktuell informasjon faktisk når ut til dei det gjeld. Med andre ord: Har ungdom som skal vurdere framtidig utdanning tilgang til god nok informasjon om musikkterapi som eit fagfelt i rask utvikling, og om musikkterapeut-profesjonens mogelegheiter til å arbeide med musikk, relasjonar, brukarmedverknad og samfunnsdeltaking?

## Indikatordata og vurderingar: klyngas *Delmål 3b*

*Delmål 3b* er: Emne og/eller kurs om MT er integrerte i andre aktuelle profesjonsutdanningar

Innsamling av indikatordata for dette delmålet er sett på vent inntil vidare, men i løpet av 2019 starta Det medisinske fakultet med utvikling av valemnet ELMED230 Musikk og hjernen for medisinarstudentar, der undervisning om musikkterapi inngår. Geir Olve Skeie vert emneansvarleg for det nye emnet, som vert tredelt: a) ein introduksjon til dei fysiologisk prosessane som ligg til grunn for menneskeleg musikalitet, b) kunnskap om korleis langvarig bruk av musikk kan endre hjernen, c) ein oversikt over kva konsekvensar dette kan ha for bruk av musikk for læring og kognisjon og for musikkterapi i medisinske kontekstar.

# 7 Formidling

Formidling er ein viktig del av POLYFON-samarbeidet, og det har i løpet av 2019 vore arbeidd med dette på fleire ulike måtar. Her følgjer først presentasjon av sentral formidlingsaktivitet i POLYFON, dernest av indikatordata, med kommentarar og vurderingar.

## Aktivitet

### Deltaking i det offentlege ordskiftet

POLYFON deltar i det offentlege ordskifte om musikkterapiens utvikling, t.d. om behov og prioriteringar i tenestene. I 2019 omfatta dette m.a. deltaking i eit «Norge nå»-program i NRK om musikk og helse, og også innlegg og opplegg under Arendalsveka

### POLYFON og GAMUTs nettsider

POLYFON har ei eiga nettside. Her legg vi ut generell informasjon om kunnskapsklynga, lenker til POLYFON-nytt, årsmeldingar, kunngjeringar, utlysingar, osb. Nettsida vart oppdatert og vidareutvikla i 2019, m.a. ved vidareutvikling av dei ulike retningslinjene for søknad og ved etablering av POLYFON-bloggen.

Kunnskapsbeskrivingane på GAMUT si nettside er relevante for POLYFON-samarbeidet, då dei gjev tenestene oppdatert informasjon om forskingslitteratur på evidensgrunnlag, arbeidsmåtar og brukarerfaringar. I 2019 vart to av desse kunnskapsbeskrivingane oppdaterte fagleg. Det gjeld beskrivinga av Musikkterapi og psykisk helse, som vart oppdatert av Brynjulf Stige, og beskrivinga av Musikkterapi og barn og unges psykiske helse, som vart oppdatert av Viggo Krüger, i samarbeid med to masterstudentar som fekk eit POLYFON sommarstipend for å arbeide med dette.

### POLYFON-nytt

Bulletengen «POLYFON-nytt» kom i 2019 ut med 5 nummer, mot 7 i 2018 og 4 dei tidlegare åra. Bulletengen formidlar stort og smått av nyhende frå samarbeidet i klynga.

### POLYFONs Facebook-side og andre initiativ på sosiale medium

Hausten 2017 vart ei eiga POLYFON-side på Facebook etablert, med nye innlegg dei fleste dagar. Her formidlar vi små og store nyhende i kunnskapsklynga, med informasjon om praksis, forsking, utdanning, seminar og konsertar. Vi legg vekt på å formidle stoff som er relevant for både brukarar, fagpersonar, leiarar og ålmenta. Interessa for Facebook-sida har vore jamt aukande.

Det har i 2019 som i 2018 også vore aukande aktivitet blant fleire av klyngedeltakarane når det gjeld spreiing av informasjon om musikkterapi på sosiale medium.

### Film

Ein eigen Rockovery-film vart utarbeidd til Rockovery-arrangementa i oktober, med støtte frå POLYFON.

### Publikasjonar og konferansepresentasjonar

POLYFON har ei eiga brosjyre som er tilgjengeleg i papirutgåve og på kunnskapsklyngas nettside.

Av forskingsartiklar i 2019, er Randi Rolvsjords artikkel "Music Therapy in a Recovery-Oriented Unit: A Qualitative Study of Users' and Staff's Experiences with Music Therapy in Mental Health Care" eit godt døme på god formidling av praksisrelevant forsking på høgt nivå. Studien, som har fått støtte frå POLYFON, viser at musikkterapi ved ein recovery-orientert psykosepost i psykisk helsevern kan støtte tilfrisking (recovery), styrke eksisterande behandlingstilbod og utfylle etablert praksis.


MUSIKKTERAPEUTER SOM PROFESJONSGRUPPE I NORGE

En kartleggingsundersøkelse av musikkterapeuter som er medlem i Norsk forening for musikkterapi sin utdanning, arbeidsfelt og tilsettingsforhold.

Marte Sortland Halås

MASTEROPPGAVE I MUSIKKTERAPI
*Femårig integrert masterprogram i musikkterapi*
Griegakademiet – Institutt for musikk
Høst 2019

Universitetet i Bergen
Fakultet for kunst, musikk og design

I 2019, som tidlegare år, var det fleire masteroppgåver i musikkterapi som er av direkte relevans for POLYFONs arbeid. Vi kan nemne to eksempel, nemleg Benjamin Thuen si oppgåve «Musikkterapiens framtid på DPS. En undersøkelse av Direktørenes tanker og meninger om musikkterapitjenestens funksjon, anvendbarhet og effekt», og Marte Sortland Halås si oppgåve «Musikkterapeuter som profesjonsgruppe i Norge – En kartleggingsundersøkelse av musikkterapeuter som er medlem i Norsk forening for musikkterapi sin utdanning, arbeidsfelt og tilsettingsforhold».

Ein annan 2019-publikasjon av stor relevans for POLYFON-samarbeidet, er Leif Arvid Øvernes sin rapport om Helse Bergens treårige pilotprosjekt om medikamentfrie behandlingstilbod innan psykisk helsevern. Helse Bergen er det einaste helseføretaket i Noreg som har prøvd ut medikamentfri behandling som eit tilbod som skal vere tilgjengeleg for alle pasientar ved dei distriktspsykiatriske sentra (DPSar). Øvernes sin rapport viser at det er mogeleg å tilby slik behandling på forsvarleg vis i ordinære psykosepoliklinikkar, og vert avslutta med ei tilråding av at dette tilbodet no vert utvida til å gjelde helse Helseregion Vest. Prosjektet har bidratt til at Helse Bergen, førebels som det einaste helseføretaket i Noreg, har vedtatt at det skal vere musikkterapeutar og musikkterapitilbod ved alle klinikkar i psykisk helsevern (sjå også kapittel 3 og 4).



*Gruppa som har arbeidd med pilotprosjektet om medikamentfri behandling i psykisk helsevern, avslutta samarbeidet sitt i 2019. Her er dei samla under POLYFON-konferansen 2018, f.v. Leif Arvid Øvernes (prosjektleiar), Anne Blindheim (erfaringskonsulent) og Christine Ødegaard (ph.d.-kandidat). Foto: Rune Rolvsjord, NORCE.*

Når det gjeld konferansepresentasjonar og annan formidling, registrerer vi at den internasjonale interessa for POLYFON held fram. Prosjektleiar vart i 2019 m.a. invitert til å halde føredrag om kunnskapsklyngas arbeid ved ArtEZ University of the Arts i Nederland i oktober. I august fekk POLYFON vitjing av to japanske fagpersonar som ønskjer å utvikle POLYFON-inspirerte aktivitetar i ein bydel i storbyen Nagoya.

## Arrangement

I 2019 vart følgjande formidlingsarrangement gjennomførte i regi av eller i samarbeid med POLYFON:

- 22. januar: Seminar med POLYFONs fagråd. Stad: Grand Hotel Terminus. Arrangør: POLYFON.
- 1. februar: Eit søknadsskriveseminar var planlagt, men grunna få påmeldte vart kurset omgjort til individuell rettleiing til dei som ønskte det. Arrangør: POLYFON.
- 5. april: «Musikk mot utenforskap i arbeid med barn og unge». Stad: OsloMet. Arrangør: Det nasjonale kompetansenettverket for musikkterapi i barnevernet, i samarbeid med OsloMet, CREMAH, POLYFON og Bufdir.
- 9. mai: «Musikk som brobygger: Radikalisering og utenforskap». Seminar («multiplier event») for Erasmus+-prosjektet STALWARTS, om relasjonell helse i skulen. Stad: HVL. Arrangørar: HVL, Hyssingen produksjonsskole og POLYFON.
- 13. mai: Innspelsmøte om framtidig kursprogram for erfaringskonsulentar og brukarrepresentantar i musikkterapi. Stad: GAMUT-huset. Arrangørar: POLYFON, Oslo Kommune (KoRus Oslo og Uteseksjonen) og Norsk Forening For Musikkterapi (NFMT).
- 18. november kl. 20: «POLYFON på Pøbelscenen». Konsert med artistar og brukarar frå musikkterapi. Stad: Lille Ole Bull. Arrangør: Pøbelscenen og POLYFON.
- 19. november kl. 9-16: POLYFON-konferansen 2019 «Brukermedvirkning i musikkterapi». Stad: Studentsenteret i Bergen. Arrangørar: POLYFON og Universitetet i Bergen.
- 20. november: Inspirasjonsseminar for musikkterapeutar innan eldreomsorga, med Julie Kolbe Krøier, Universitetet i Aalborg. Stad: Griegakademiet. Arrangør: POLYFON.

I tillegg kjem ei rekkje relevante konsertar og seminar arrangerte av klyngedeltakarane sjølve.




*Som ein del av avslutninga av Erasmus+-prosjektet STALWARTS, om relasjonell helse i skulen, vart seminaret "Kan musikk være en brobygger og motvirke radikalisering og utenforskap?" arrangert 9. mai på Hyssingen produksjonsskole i Bergen. Foto: Viggo Krüger.*

## POLYFON-konferansen

Årlege POLYFON-konferansar vart etablert som konsept i 2017. Intensjonen er å formidle kunnskap og erfaringar og å byggje det samhaldet og samarbeidet som ei kunnskapsklynge treng for å fungere optimalt.

19. november 2019 var datoen for den tredje POLYFON-konferansen, arrangert i UiBs auditorium «Egget», med temaet «Musikkterapi og brukarmedverknad». Programkomiteen hadde denne gongen gjort val om å ha plenumspanel, framfor plenumsføredrag. Det var eitt panel om psykisk helse og rus, eitt om eldreomsorg, og eitt om barn og unges oppvekst, alle med fokus på brukarmedverknad. Som tidlegare år, var det dessutan parallelle presentasjonar i 4 spor, og det var sett av plass til posters i mingleområdet, denne gongen med langt fleire posters enn året før (11 i 2019 mot 4 i 2018). POLYFONs erfaringspanel var også i år jury i poster-konkurransen, og diplom for årets beste poster gjekk til Bergen kommunes Kompetansesenter for demens. Dei hadde laga ein fargerik og informativ poster om sin årlege festival for og med menneske med demens.

Eduardo «Doddo» Andersen var konferansier under konferansen, som samla ca. 170 deltakarar, mot ca. 150 dei to tidelagere åra. Konferansen vart evaluert skriftleg av konferansedeltakarane. I hovudsak fekk konferansen svært positiv evaluering, både når det gjeld fagleg innhald, lokalitetar og organisering/ gjennomføring. Bruken av plenumsdebattar, og kjønnsbalansen i plenumsinnslag vart av mange framheva som område for forbetring. Vi tar med oss både ris og ros inn i planlegginga av neste konferanse.



*Eduardo «Doddo» Andersen var den stødige konferansieren under POLYFON-konferansen 2019, og starta dagen med ein av sine sterkaste songar: «La oss ta en idealist», akkompagnert av Viggo Krüger. Foto: Rolf Sejersted.*

## Indikatordata og vurderingar: klyngas *Delmål 4*

*Delmål 4* er: Tenester og samfunn har kunnskap om og god kjennskap til musikkterapi som helseressurs.

### Tal medieoppslag om musikkterapi

Følgjande tal for medieoppslag i 2019 er henta ut:

| | | |
|---|---|---|
| Tal nasjonale medieoppslag om musikkterapi, nett- og papirkjelder. Søkeord: *musikkterapi* og/eller *musikkterapeut* | | 487 |
| Tal likerklikk, følgjarar og delingar på POLYFONs FB-side | Likerklikk side | 2047 |
| | Følgjarar side | 2073 |
| | Delingar | - |
| Akkumulert tal oppslag om MT på utvalde offentlege nettsider pr. 31.12. i rapporteringsåret | helsedirektoratet.no | 7 |
| | helsenorge.no | 1 |
| | stortinget.no | 53 |

Kommentar: Her er det i utgangspunktet ingen tal frå tidlegare år å samanlikne med, men vi har henta ut tala på likerklikk og følgjarar på Facebook-sida for 31. desember 2018, og ser at tala er 1097 og 1164. Tal for delingar var ikkje mogeleg å hente ut, men det kan vere aktuelt for seinare år å monitorere eksponering, tal innlegg og omfang av engasjement gjennom året, t.d. ved bruk av Social Media Scorecard.

Vurderingar: Tal nasjonale medieoppslag må kunne seiast å vere ganske høgt for eit såpass lite fagfelt, og ei dobling av talet følgjarar på POLYFONs Facebook-side er også lovande. Det kan verke som at hovudspørsmålet ikkje er korleis få merksemd, men kva vi ønskjer å bruke denne merksemda til. Samstundes registrerer vi at det framleis er ganske få oppslag om musikkterapi på helsedirektoratet.no og helsenorge.no. Her må det vere eit forbetringspotensiale, spesielt dersom forskingsaktiviteten utviklar seg positivt.

# 8 Samhandling

Samhandling er ein grunnidé i POLYFON og skjer på fleire arenaer, gjennom bruk av fleire reiskap:

## Arenaer for samhandling



*Som tidlegare år, hadde samhandlinga i POLYFON i 2019 fleire fokus og arenaer. Her Gerd Helene Irgens og Kristin Mjånes Myklebust frå Bergensklinikken i samtale under POLYFON-konferansen 2019. Foto: Rolf Sejersted.*

Når det gjeld samhandlinga *innanfor* klynga, er erfaringspanel, arbeidsgrupper, styringsgruppe og seminar nokre av dei viktigaste reiskapane. For samhandling med aktørar *utanfor* klynga, er deltaking i nasjonale nettverk *eitt* viktig reiskap. Det er førebels etablert tre slike nettverk, for musikkterapi og barnevern, for musikkterapi, psykisk helse og rus, og for musikk og eldrehelse. Vidare er GAMUTs internasjonale prosjekt og nettverk – og også senteret sine to internasjonale, vitskaplege tidsskrift (Nordic Journal of Music Therapy og Voices: A World Forum for Music Therapy) – viktige reiskap for internasjonal samhandling.

Brukardeltakinga i POLYFON-samarbeidet vart styrkt i 2019. Panelet skifta i oktober namn til POLYFONs erfaringspanel, og deltakinga i klyngas arbeid vart styrkt ved at styringsgruppa hausten 2019 opna opp for to erfaringsrepresentantar i POLYFONs styringsgruppe. Dette skjedde på bakgrunn av ein førespurnad frå panelet. Erfaringspanelet har også arbeidd mykje med spørsmålet om skulering av personar med erfaringskompetanse. Det føreligg ein årsrapport frå panelet sitt arbeid (sjå vedlegg 4).

## Kombinerte stillingar som reiskap for samhandling

Kombinerte stillingar er ein viktig reiskap for å skape samhandling om tenesteutvikling, utdanning, forsking og formidling. Som skissert i årsmeldingane for 2016, 2017 og 2018, er ein del kombinasjonar etablerte allereie. Det er eit stort potensial for vidare utvikling av dette til ein meir systematisk strategi for samhandling og samarbeid på musikkterapiområdet.

## Andre reiskap for samhandling

Nokre av dei reiskapane som klynga brukar for å stimulere samhandling, ut over det som er nemnd over, er:

- Kvartalsvise styringsgruppemøte, med representantar for erfaringspanelet og deltakarane i klynga
- Halvårlege fellessamlingar for arbeidsgruppene på dei ulike arbeidsfelta
- Årlege møte med fagrådet (Scientific Advisory Committee)
- Den årlege POLYFON-konferansen.

